



Ot.prp. nr. 24

(2006–2007)

Om lov om endringar i lov 28. juni 2002
nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting
og kommunestyrer mv.
(skjeringsdato, valkort o.a.)

Innhold

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	3.3.3	Høyringsinstansane	18
1.1	Innleiing	5	3.3.4	Merknader og forslag frå departementet	19
1.2	Høyringa	5		Frist for førehandsrøystegiving	
1.3	Lovendringsforslag – samandrag	6	3.4	utanriks og på Svalbard	20
1.4	Forslag i høyringsnotatet der det ikkje blir fremma forslag til lovendring	6	3.4.1	Gjeldande rett	20
			3.4.2	Høyringsnotatet	20
			3.4.3	Høyringsinstansane	21
2	Oppfølging av merknader frå Stortingets fullmaktskomité	7	3.4.4	Merknader og forslag frå departementet	21
2.1	Innleiing	7	3.5	Kommunelova § 29 nr. 4 – korrigering av feil	21
2.2	Bruk av røystesetlane til departementet ved førehandsrøystegivinga ..	7			
2.2.1	Innleiing	7			
2.2.2	Merknader frå Stortingets fullmaktskomité	7			
2.2.3	Merknader frå departementet	7			
2.3	Rutinar dersom det manglar røystesetlar i vallokalet	8	4	Forslag i høyringsnotatet der det ikkje blir fremma forslag til lovendring	23
2.3.1	Innleiing	8	4.1	Frist for førehandsrøystegiving innanriks	23
2.3.2	Merknader frå Stortingets fullmaktskomité	8	4.1.1	Gjeldande rett	23
2.3.3	Merknader frå departementet	9	4.1.2	Høyringsnotatet	23
2.4	Møtebøker og bruk av valsystem ved val	9	4.1.3	Høyringsinstansane	24
2.4.1	Merknad frå fullmaktskomiteen	9	4.1.4	Merknader frå departementet	26
2.4.2	Vurderinga til departementet	10	4.2	Om elektronisk oppteljing av røystesetlar	27
2.5	Sikkerheitskoda røystesetlar	11	4.2.1	Gjeldande rett	27
2.5.1	Innleiing	11	4.2.2	Høyringsnotatet	27
2.5.2	Vurderinga til departementet	12	4.2.3	Høyringsinstansane	29
			4.2.4	Vurderinga til departementet	31
3	Lovendringsforslag	13	5	Publisering av partimålingar dei siste dagane før valet	33
3.1	Skjeringsdato for registrering i manntalet	13	5.1	Gjeldande rett	33
3.1.1	Gjeldande rett	13	5.2	Høyringsnotatet	33
3.1.2	Høyringsnotatet	13	5.3	Høyringsinstansane	33
3.1.3	Høyringsinstansane	14	5.4	Merknader og forslag frå departementet	35
3.1.4	Merknader og forslag frå departementet	14			
3.2	Obligatorisk utfording av valkort	15			
3.2.1	Gjeldande rett	15			
3.2.2	Høyringsnotatet	15			
3.2.3	Høyringsinstansane	16			
3.2.4	Merknader og forslag frå departementet	16			
3.3	Krav til legitimasjon når ein røystar ..	17	6	Økonomiske og administrative konsekvensar	37
3.3.1	Gjeldande rett	17			
3.3.2	Høyringsnotatet	17	7	Merknader til dei ulike føregangene	38
				Forslag til lov om endringar i lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommune-styrer mv. (skjeringsdato, valkort o.a.)	40

Ot.prp. nr. 24

(2006–2007)

Om lov om endringar i lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre mv. (skjeringsdato, valkort o.a.)

*Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet av 18. januar 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regieringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinhaldet i proposisjonen

1.1 Innleiing

I denne proposisjonen fremmar Kommunal- og regionaldepartementet forslag til endringar i lov 28. juni 2002 nr. 57 om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (vallova).

Gjennomføringa av stortingsvalet i 2005 viste at somme forhold rundt valavviklinga ikkje fungerte godt nok. Proposisjonen inneheld forslag – som slik departementet ser det – vil kunne medverke til å redusere desse problema, og dessutan forslag til visse andre endringar i vallova. I tillegg kjem ein inn på nokre forhold som vart tekne opp av Stortings fullmaktskomité i Innst. S. nr. 1 (2005–2006).

1.2 Høyringa

Ved brev av 20. juni 2006 sende Kommunal- og regionaldepartementet på høyring forslag om endringar i vallova. Høylingsfristen vart sett til 20. september 2006.

Det har komme inn om lag 180 høyingsfråsegner.

Høyingsnotatet vart sendt på høyring til desse høyingsinstansane:

Sametinget
Departementa
Fylkesmenn
Fylkeskommunar
Kommunar
Registrerte politiske parti
Sysselmannen på Svalbard
Longyearbyen lokalstyre
Noregs Bank
Statistisk sentralbyrå
Riksarkivet
Riksrevisjonen
Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap
Skattedirektoratet
Sosial- og helsedirektoratet
Utdanningsdirektoratet
Utlendingsdirektoratet
Barneombodet
Forbrukarombodet
Likestillingsombodet
Sivilombodsmannen
Datatilsynet
Konkurransetilsynet

Kredittilsynet
Statens helsetilsyn
Forbrukarrådet
Statskonsult
Norges forskningsråd
NTNU
Universitetet i Bergen
Universitetet i Oslo
Universitetet i Stavanger
Universitetet i Tromsø
KS – Kommunesektorens arbeidsgivar- og interesseorganisasjon
Næringslivets Hovedorganisasjon
Sparebankforeningen
Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
Arbeidsgiverforeningen NAVO
Finansnæringens Arbeidsgiverforening
Landsorganisasjonen i Norge
Yrkesorganisasjonenes Sentral forbund
Akademikerne
Unio
Fagforbundet
Fellesforbundet
Kommunalansattes Fellesorganisasjon
Norsk Sykepleierforbund
Utdanningsforbundet
Norsk Journalistlag
Norsk Presseforbund
Norsk Redaktørforening
Den Norske Advokatforening
Den norske dommerforening
Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring
Den norske tannlegeforening
Norges Idrettsforbund
Norges Juristforbund
Norges Kommunerevisorforbund
Norsk Pensjonistforbund
Norsk rådmannsforum
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Nasjonalforeningen for folkehelsen
Norges Handikapforbund
Norsk Pasientforening
Samarbeidsorganet for funksjonshemmedes organisasjoner c/o Norges Handikapforbund
Statens råd for funksjonshemmde
Elevorganisasjonen
Foreldreutvalget for Grunnskolen
Landsrådet for Norges Barne- og Ungdomsorganisasjoner

Norsk Telegrambyrå AS
NRK
TV 2
AC Nielsen Norge AS
Faktum Markedsanalyse AS
Markeds- og Media instituttet AS
Opinion AS
TNS Gallup

I tillegg har desse instansane komme med høyingsfråsegner:

Norsk Markedsanalyse Forening
Fosen regionråd
Forum mot islamisering

Høyingsfråsegner vil bli kommenterte nedanfor i tilknyting til kapitla i proposisjonen.

1.3 Lovendringsforslag – samandrag

Odelstingsproposisjonen inneholder somme forslag til lovendringar med sikte på å redusere talet på forkasta røystegivingar. Det blir føreslått å lovfeste ei plikt for kommunane til å sende ut valkort. Dette vil kunne medverke til at veljarane på valldagen unngår å røyste i ein annan kommune enn i den kommunen dei er manntalsførte i. I tillegg blir det føreslått å endre skjeringsdatoen, det vil seie datoene for når ein må vere registrert som busett i ein kommune for å komme med i manntalet i denne kommunen, frå 31. mai til 30. juni i valåret.

Det blir vidare fremma forslag om at veljarane må identifisere seg for å kunne røyste.

1.4 Forslag i høyingsnotatet der det ikke blir fremma forslag til lovendring

Proposisjonen inneholder også omtale av ein del forhold som vart nemnde i høyingsnotatet, men der departementet ikkje fremmar noko lovendringsforslag. Dette gjeld tidspunktet for når førehandsrøystegivinga skal avsluttast innanriks, når førehandsrøystegivingane må ha komme inn til valstyret for å kunne godkjennast, og dessutan ein del spørsmål i samband med elektronisk teljing av røystesetlar.

2 Oppfølging av merknader frå Stortingets fullmaktskomité

2.1 Innleiing

Stortingets fullmaktskomité omtaler ein del forhold rundt avviklinga av stortingsvalet i 2005 i Innst. S. nr. 1 (2005–2006). Departementet gjer i dette kapitlet greie for oppfatninga det har av korleis desse forholda bør følgjast opp.

2.2 Bruk av røystesetlane til departementet ved førehandsrøystegivinga

2.2.1 Innleiing

Det følgjer av valforskrifta § 27 tredje ledd at veljarar som førehandsrøystar utanfor sin eigen valkrins, skal få utlevert ein avkryssingsrøystesete med namna til dei registrerte politiske partia. Røysteseten inneholder såleis namna på alle dei politiske partia, uavhengig av om partiet ikkje stiller liste i nokon valkrins eller i alle valkrinsane.

2.2.2 Merknader frå Stortingets fullmaktskomité

Stortingets fullmaktskomité seier dette om bruk av denne typen røystesetlar ved førehandsrøystegivinga:

«Stemmeseddelen som benyttes ved forhåndsstemmegivning utenfor velgerens hjemfylke inneholder navn på alle registrerte partier - også de som ikke stiller til valg i alle fylker; og eventuelt også partier som ikke stiller til valg i noen fylker. Dette øker risikoen for at stemmer må forkastes fordi velger avgir stemme på et parti som ikke stiller liste i velgerens fylke. Et tiltak som muligens kan avhjelpe dette problemet ville være å sette opp oppslag i alle lokaler som benyttes ved forhåndsstemmegivning med informasjon om hvilke partier som stiller lister i de ulike fylkene. Komiteen er oppmerksom på at stemmesedlene av praktiske hensyn må trykkes på et tidlig tidspunkt bl.a. for å foreligge i tide til forhåndsstemmegivningen utenlands starter 1. juli. Komiteen vil likevel påpeke at dette forhold bør vurderes på egnert måte ved en senere evaluering av valgloven.»

2.2.3 Merknader frå departementet

Som fullmaktskomiteen peiker på, er det med den eksisterande ordninga fare for at veljarar røystar på eit parti som ikkje stiller liste i valkrinsen deira. Risikoene for at dette skal skje, bør reduserast mest mogleg.

Departementet legg til grunn at departementet framleis skal sørge for å trykkje opp røystesetlar som skal nyttast av veljarar som røystar utanfor sin eigen valkrins. For alle praktiske og økonomiske formål er da den einaste løysinga å lage ein felles type røystesetel til bruk over heile landet (og i utlandet) ved førehandsrøystegivinga. Spørsmålet blir korleis vi kan redusere risikoen for at veljarar som førehandsrøystar, røystar på eit parti som ikkje stiller liste i valdistriktet deira. Det vil i praksis ikkje vere mogleg å hindre at det oppstår slike situasjoner.

Eit mogleg tiltak vil vere å påleggje partia å melde frå til departementet innan ein viss frist at dei kjem til å stille liste i minst éin valkrins ved valet. Dei partia som ikkje held denne fristen, vil ikkje bli oppførte på den røysteseten departementet produserer. Ved stortingsvalet i 2005 var det tre av dei registrerte politiske partia som ikkje stilte liste i nokon valkrins. Ulempa med ei slik ordning vil vere at eitt eller fleire parti kan komme til å gløyme å melde frå om at dei stiller liste ved valet. Dette kan føre til at veljarar som førehandsrøystar, ikkje trur at partiet stiller liste, og at dei derfor ikkje røystar på partiet. Dette kan få svært uheldige konsekvensar for dei partia det måtte gjelde, og i sin ytste konsekvens vil ei slik forgloyming fra partia kunne avgjere utfallet av valet. Slik departementet ser det, bør det derfor ikkje innførast ei slik ordning.

Stortingets fullmaktskomité nemner sjølv at eit mogleg tiltak vil vere å setje opp oppslag i førehandsrøystelokala med informasjon om kva for parti som stiller liste ved valet. Etter det departementet kjenner til, blir det gjort i ein viss grad alt i dag. Departementet er samd i at eit slikt oppslag vil kunne hindre at somme veljarar røystar på parti som ikkje stiller liste i valdistriktet deira, sjølv om nok ikkje alle veljarane vil leggje merke til eit oppslag. Men slik departementet ser det, vil eit slikt til-

tak berre kunne gjennomførast ved stortingsval og fylkestingsval. Ved kommunestyreval vil ei slik ordning i praksis ikkje kunne fungere på grunn av omfanget av valkrinsar og parti som stiller liste.

Departementet meiner at valmyndighetene har avgrensa høve til å hindre at veljarar førehandsrøystar på eit parti som ikkje stiller liste i valkrinsen deira. Departementet har ved dei siste vala trykt informasjon på røystesetlane til departementet om at ikkje alle parti som er oppførte på røystesetelen, stiller liste i alle valkrinsane. Dette saman med eit oppslag i førehandsrøystelokalet om kva for parti som stiller liste i kva for valkrinsar ved stortingsval og fylkestingsval, vil kunne redusere talet på forkasta røystesetlar.

Slik departementet ser det, er det grunn til å tru at veljarar i utlandet i mindre grad enn veljarar innanriks har kunnskap om det partiet ein ønsker å røste på, stiller liste i valkrinsen til vedkommande. Ei oversikt over kva parti som stiller liste i kva for valkrinsar, vil ikkje vere ferdig i tide til å kunne bli distribuert utanriks saman med resten av valmateriellet.

Det er etter måten få røystesetlar som blir forkasta fordi veljaren førehandsrøystar på eit parti eller ei gruppe som ikkje stiller liste i valdistriktet til vedkommande. Ved stortingsvalet i 2005 vart 295 røystesetlar forkasta på grunn av dette. Mange veljarar vil truleg heller ikkje leggje merke til informasjon som eventuelt blir slått opp i røystelokalet. Dette gjer at det nok er grenser for kor mykje det er mogleg å redusere talet på røystesetlar som kjem til å bli forkasta fordi veljarane røystar på parti som ikkje stiller liste i valkrinsen deira.

Departementet finn likevel at det er grunn til å leggje til rette for oppslag av oversikt over kva parti eller grupper som stiller liste i dei ulike valkrinsane. Tiltaket vil i alle fall i ein viss grad kunne medverke til å hindre at veljarar røystar på parti eller grupper som ikkje stiller liste i valdistriket deira. Tiltaket vil kunne gjennomførast på ein enkel og billig måte, da opplysningane likevel vil bli samla inn for å bli nytta i valnattsystemet til departementet. Departementet ser for seg at oversikta blir lagd ut på internettetsida www.valg.no. Samstundes vil departementet gå ut med oppmoding til kommunane om å gjøre informasjonen tilgjengeleg for veljarane i førehandsrøystelokalet. Når det gjeld veljarar utanriks, vil utanriksstasjonane bli informerte om at ei slik oversikt kjem til å bli lagd ut på Internett, og at denne oversikta bør skrivast ut og vere tilgjengeleg for veljarane når dei kjem for å røyste.

2.3 Rutinar dersom det manglar røystesetlar i vallokalaet

2.3.1 Innleiing

Vallova § 7-1 pålegg valmyndighetene å trykkje røystesetlar for alle vallister som er godkjende til det aktuelle valet. Departementet meiner at i dette ligg det indirekte ei plikt til å sørge for at røystesetlar for alle vallistene er tilgjengelege i vallokala, også i førehandsrøystelokalet. Dette har departementet understreka i valhandboka si, der departementet rår til dette:

«Stemmesedlene bør fortrinnsvis legges inne i stemmeavlukket, hver godkjent listes stemmesedler i en bunke for seg. Stemmesedlene kan imidlertid også legges ut på ett eller flere bord i valglokalet - hver godkjent listes stemmesedler i en bunke for seg. Bordet skal være avskjermet på en slik måte at andre som oppholder seg i valglokalet, ikke kan se hvilke stemmesedler velgeren tar.

Et medlem av stemmestyret, eller en annen som stemmestyret har utpekt til det, bør jevnlig inspirere stemmeavlukkene eller stemmeseddelsbordet/-bordene og forvisse seg om at det til enhver tid er tilgjengelig stemmesedler for alle vallistene.»

Verken vallova eller valforskrifta inneholder reglar som direkte regulerer at røystesetlar skal leggjast ut i røysteavlukka (eller på avskjerma bord) i vallokala. Det at røystesetlane skal leggjast ut slik at andre ikkje kan sjå kva for røystesetlar ein veljar nytta, må likevel slik departementet ser det, vere ein konsekvens av formålsføresegna i vallova, som mellom anna viser til at valet skal vere hemmeleg.

2.3.2 Merknader frå Stortingets fullmaktskomité

Stortingets fullmaktskomité har i Innst. S. nr. 1 (2005–2006) om fullmaktene peikt på at det vart registrert nokre tilfelle der det mangla røystesetlar i røysteavlukka på valldagen, eller der veljarane ikkje fann røystesetlar for alle vallistene. Den førebuande fullmaktskomiteen uttaler:

«Komiteen finner det meget uheldig at det oppstår slike situasjoner som beskrevet. Komiteen understrekker at det er et meget viktig – men sårbart – ledd i vårt valgsystem at stemmesedler for alle godkjente valglistar (pluss blanke stemmesedler) blir lagt ut i alle valglokaler før de åpner og forblir utlagt så lenge lokalene er åpne. Derfor må alle stemmestyrer kontrollere dette nøyaktig før valglokalet åpner og gjen-

nom hele åpningstiden. Valgstyret i den enkelte kommune må gi stemmestyrrene veiledning og instruksjon om dette. For øvrig bør det der stemmesedler er utlagt, finnes tydelig informasjon om at dersom velgeren ikke finner stemmesedler for et parti, kan man skrive partinavnet på en blank seddel..»

Fullmaktskomiteen viser til ei klage på at det mangla røystesetlar i samband med førehandsrøystegivinga i ein kommune og uttaler:

«Komiteen ber departementet vurdere om det bør gis regler i lov eller forskrift om fremgangsmåten i slike tilfelle. Det samme kan gjelde ved tilsvarende problem på valgtinget, jf. for øvrig også merknaden i pkt. 5.2 i innstillingen fra den forberedende fullmaktskomité (vedlegg 1).»

2.3.3 Merknader frå departementet

Departementet har vurdert om det bør fastsetjast reglar i vallova eller valforskrifta som pålegg dei som tek imot røyster, å kontrollere røysteavlukka jamleg for å sikre at røystesetlar til kvar tid er tilgjengelege for veljarane. Som nemnt ovanfor meiner departementet at det alt i dag er ei plikt for røystestyra å sørge for at røystesetlar for alle vallistene er tilgjengelege for veljarane. Dette har også departementet lagt til grunn i informasjonen sin til lokale valmyndigheter. Departementet kan derfor ikkje sjå at det vil vere noko å hente på å regelfeste dette forholdet.

Departementet meiner at ein i staden for regelfesting bør satse på forsterka informasjon overfor kommunane for å unngå slike tilfelle som er nemnde i fullmaktsinnstillinga. I valhandboka si vil departementet også understreke kor viktig det er å sjå til at røystesetlar for alle godkjende vallister, saman med blanke røystesetlar, alltid er tilgjengelege for veljarane. Departementet vil også lage plakatar som informerer om kva ein veljar skal gjere dersom vedkommande ikkje finn røystesetelen for det partiet han eller ho ønskjer å røyste på. Desse plakatane vil bli lagde ut på Internett, slik at kommunane kan skrive dei ut og hengje dei opp i vallokala.

2.4 Møtebøker og bruk av valsystem ved val

2.4.1 Merknad frå fullmaktskomiteen

I Innst. S. nr. 1 (2005–2006) etter stortingsvalet i 2005 har fullmaktskomiteen denne merknaden:

«Komiteen viser til at fylkesvalgstyrenes møteprotokoller er grunnlaget for Stortingets kontroll av valgets gyldighet. Det er derfor av avgjørende betydning for Stortingets arbeid at møtebøkene er nøyaktig utfylt og inneholder korrekt informasjon.

Komiteen peker på at valgstyrene og fylkesvalgstyrene foretar en grundig og omfattende opptelling og kontroll av stemmesedler og stemmegivninger. Flere fylker har imidlertid påpekt problemer med formularene som benyttes for rapportering av valgresultatet, og med bruken av EDB-systemet som har vært benyttet i valgoppkjøret. Når det gjelder bruken av EDB-systemer i valgoppkjøret, vises til pkt. 4.2 nedenfor.

[...]

Komiteen understreker viktigheten av at fylkesvalgstyrene også prioritærer gjennomgangen av valgstyrenes møtebøker for å forsikre seg om at de opplysninger som bringes videre til Stortinget om gjennomføringen av valget, er fullstendige og nøyaktige. Tallmaterialet benyttes til å vurdere muligheten for om feil kan ha hatt innvirkning på utfallet av valget og danner grunnlag for ulik statistisk informasjon. Komiteen har ved dette valget funnet flere eksempler på at valgstyrenes og fylkesvalgstyrenes protokollering i møtebøkene har vært mangelfull, og ser behov for bedre rutiner knyttet til kontrollarbeidet.

[...]

Komiteen ber departementet i samarbeid med fylkene foreta en gjennomgang av rutinene og formularene som benyttes ved valgoppkjøret både i kommunene og i fylkeskommunene slik at rapporteringen til Stortinget får en tilfredsstillende kvalitet.»

Komiteen uttaler i punkt 4.2:

«Det fremgår av opplysninger fra flere fylker og komiteens egen gjennomgang at det har oppstått problemer i valgoppkjøret bl.a. pga. vanskeligheter knyttet til bruken av elektroniske valgoppkjørssystemer.

[...]

Komiteen vil understreke at fylkeskommunene og kommunene har ansvar for at valgarbeidet legges opp på en betryggende måte uavhengig av hvilke tekniske hjelpemidler som benyttes. På bakgrunn av de problemer som har vært knyttet til bruken av EDB-baserte valgoppkjørssystemer ved dette valget, ser komiteen behov for at de eksisterende EDB-programmers egnethet og valgmedarbeidernes opplæring i bruken av systemene vurderes. Komiteen ber departementet sørge for at en slik gjennomgang foretas før neste valg.»

2.4.2 Vurderinga til departementet

For å få fleire innspel til nokre av dei merknadene fullmaktskomiteen har i innstillinga si, har departementet hatt møte med Buskerud, Hordaland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Østfold fylkeskommunar og Asker og Hamar kommunar. I møtet kom kommunane og fylkeskommunane med synspunkt på bruk av møtebokformulara, opplæringa av valmedarbeidarar og bruk av datasystem ved gjennomføring av val.

Møtebøker

Departementet utformar formular som skal nyttast ved protokollering av valresultat. Dei formulara som ligg føre, er utarbeidde i samarbeid med kommunane. Formulara er laga i word-format og i excel-format. Dataleverandørane til kommunane og fylkeskommunane integrerer møteboka i valdatasystemet deira, noko departementet ikkje har hatt merknader til såframt postsystemet og oppsetta i formulara blir nyttta.

Datasystemet kommunane nyttar, inneholder såleis ei integrert møtebok som er basert på møtebokformular departementet har fastsett. Dette fungerer på ein slik måte at systemet genererer ei utfyldt møtebok som er basert på data som blir lagde inn i systemet. Det vil seie at ein kommune eller fylkeskommune ikkje sjølv fysisk fyller ut sjølve møteboka.

Departementet har i møte med fylkeskommunar og kommunar diskutert ulike spørsmål rundt møtebökene, mellom anna om utforminga av formulara fungerer tilfredsstillande, om kommunane får god nok opplæring i utfyllinga, om det oppstår særlege problem med integreringa av møteboka i datasistema til kommunane, osv.

Tilbakemeldingar til departementet kan tyde på at det ikkje er utforminga av sjølve møtebokformular som genererer feil. Årsakene til feilføringa vil for det meste vere 1) for lite kunnskap om kva som skal førast og/eller 2) for liten kjennskap til datasystemet og dei data som ligg til grunn for ei automatisk generert møtebok.

Kommunar og fylkeskommunar departementet har hatt møte med, meiner problema ved det førre valet først og frems skuldast manglande kompetanse hos valmedarbeidarar. Problem kjem lett dersom valfunksjonærar ikkje har god nok kunnskap generelt om gjennomføringa av val, særleg gjeld dette møtebøker og forståinga av korleis desse skal førast. Datasystem som ein nyttar i mange kommunar, genererer møteboka automatiskt på bakgrunn av tal som er lagde inn i systemet. Manglande forståing for samanhengen i valsyste-

met kan føre til feilkjelder ved innføring i datasystemet og dermed feil i møteboka. Kommunane meiner møtebokformularet i seg sjølv fungerer svært godt. Men dei peiker på at ei grunnleggjande forståing for gjennomføringa av val er heilt nødvendig for å forstå korleis møteboka skal førast. Dei meiner det må vere ein føresetnad at alle kommunar i god tid før valet set seg godt inn i korleis boka skal førast, også dersom kommunen nyttar datasystem.

Departementet meiner inngåande kjennskap til oppbygginga av møteboka og føringa av boka er heilt nødvendig for å sikre eit korrekt oppteljingsresultat, uavhengig av om møteboka blir fylt ut manuelt eller ved hjelp av datasystem. Utfylling ved hjelp av datasystem krev at valstyret forstår kva som ligg til grunn for utskrifter frå systemet, korleis tal frå systemet kjem fram, og den indre samanhengen mellom tala. I motsett fall vil det også i mindre grad vere i stand til å oppdage feil. Det er kvar enkelt kommune som er ansvarleg for oppteljingsresultatet, og kvart valstyre må kunne vise korleis dei har komme fram til resultatet. Møtebokformulara vi har i dag, er følgde opp med omfattande rettleiingar. På bakgrunn av dei tilbakemeldingane som har komme inn til departementet, meiner vi det ikkje skulle vere behov for å gjere særlege endringar i møtebokformulara.

Det kan verke som om problema kjem når dataleverandørar integrerer møtebokformularet i dataprogramma sine og ein i kommunen ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om dei ulike modulane og samanhengane i datasystemet. Mykje kan tyde på at ein i kommunen ser ut til å stole på at datasystemet gjer jobben, utan at ein set seg godt nok inn i korleis systemet fungerer, eller kontrollerer tal som er genererte på bakgrunn av systemet.

Ved valet i 2005 vart fleire av møtebökene til fylka leverte til departementet og Stortinget med opplagt galne tal. Feila var så tydelege at mykje tyder på at fylka neppe kan ha kontrollert at bökene var korrekte før dei vart sende inn. Dette er ikkje forsvarleg. Departementet har prøvd å finne ut kva desse feila kjem av.

Når fylket og kommunane i fylket nyttar den same systemleverandøren, blir resultata frå kommunane integrerte i datasystemet til fylket ved at tal blir overførte direkte til fylkeskommunesystemet. Somme fylke ser ikkje ut til å ha kontrollert at tala som vart overførte, var korrekte. Det var heller ikkje lagt inn sikkerheitsmekanismar i systemet, noko vi får opplyst skal vere på plass til neste val. Departementet vil i opplæringsmøte med fylkeskommunane føre det neste stortingsvalet legge særleg vekt på at fylkeskommunane har eit vik-

tig ansvar for legalitetskontroll av resultatet i kommunane.

Om bruk av datasystem

Departementet har ikkje grunnlag for å uttale seg om teknologien i datasystema, eller for å hevde at det er noko i vegen med sjølv systema. Mykje tyder på at kommunane har for liten kunnskap om korleis systema fungerer.

Fylke og kommunar peiker også på at det er heilt nødvendig at kvar kommune tek ein heilskapleg systemgjennomgang og testing av det datasystemet som skal nyttast ved val. Det er viktig for å finne eventuelle veike punkt. Ein gjennomgang er også viktig med omsyn til opplæring.

Fleire stader er det vanleg at fleire kommunar og eventuelt fylkeskommunar går saman om å kjøpe inn datasystem til bruk ved val. Dette gir gode rutinar, og fleire melder om svært god erfaring med denne typen samarbeid.

Departementet meiner at det ikkje er høve til å vurdere kor «eigna» datasystemet er. Gjennomføring av val (kontroll av vallister, førehands- og valtingsrøystegiving, oppteljing osv.) er eit lokalt ansvar. For å lette det administrative arbeidet nyttar svært mange kommunar og fylke administrative datasystem. I dei større kommunane og i fylkeskommunane bruker ein i tillegg system for lesing og teljing (skanning) av røystesetlar ved oppteljinga. Slik departementet vurderer det, er det kvart valstyre og fylkesvalstyre sjølv som må ta stilling til *om* det skal nyttast dataekniske løysingar for å få gjort denne oppgåva. Til dette høyrer også å sørge for at bruken av slike datasystem ikkje fører til problem for den praktiske gjennomføringa. Det vil seie å ha eit ansvar for mellom anna opplæring og sørge for gode rutinar og tilstrekkeleg kompetanse i eigen organisasjon.

For å få til ei best mogleg gjennomføring og sikre eit korrekt oppteljingsresultat ser sentrale stikkord ut til å vere god kjennskap til reglar for val og praktisk erfaring frå gjennomføring av val. Det krev igjen at det blir lagt vekt på og gitt tilstrekkeleg opplæring i samband med gjennomføringa.

I høyringsnotatet som ligg til grunn for denne proposisjonen, peikte departementet på at det er usikre faktorar ved all bruk av teknologi. Dette gjeld også ulike tekniske løysingar som blir nyttta ved oppteljing av røystesetlar. Samstundes er vi avhengige av at ulike tekniske løysingar ikkje fører til at det i ettertid blir sådd tvil om valet er gyldig. Det har frå visse hald vorte stilt spørsmål om IKT-baserte system, slik som optiske lesarar for teljing av røystesetlar, bør komme inn under ei statleg

godkjenningsordning. Formålet med ei slik godkjenningsordning er at ein på førehand får kontrollert at systema og maskinane gjer det dei skal på ein korrekt måte. Ei godkjenningsordning kan vere viktig, men er ikkje alltid nok for å få gjennomført eit korrekt val. Mange feil skuldast menneskeleg svikt.

Spørsmålet om innføring av elektronisk røystegiving vart nyleg vurdert av ei arbeidsgruppe. Rapporten deira, «Elektronisk stemmegivning – utfordringer og muligheter», vart lagd fram for departementet i februar 2006. Arbeidsgruppa foreslår at det blir innført ei godkjennings- og sertifiseringsordning for system som skal nyttast for elektronisk røystegiving, og viser mellom anna til føresegner om dette i rekommendasjon frå Europarådet om elektronisk røystegiving. Arbeidsgruppa framhevar også at ei slik godkjenningsordning av ein uavhengig instans er svært viktig for tilliten til valsystemet. Departementet har enno ikkje teke stilling til forslaget frå arbeidsgruppa.

Departementet meiner det kan vere nødvendig at ein også vurderer eventuelle godkjenningsordningar for skannarar når ein skal behandle spørsmålet om eventuelt å innføre godkjennings- og sertifiseringsordningar for system ved elektronisk røystegiving. Elektroniske system som blir nyttta ved val, kan vere samansette av ulike modular, verktøy for administrativ gjennomføring, manntalssystem, elektronisk røystegiving, elektronisk oppteljing (skannarar) osv. Spørsmålet om eventuelle godkjenningsordningar for alle typar elektroniske system som ein bruker ved røystegiving eller oppteljing av røystesetlar, bør vurderast samla. Departementet vil derfor sørge for at dette blir vurdert i samband med arbeidet med elektronisk røystegiving.

Departementet vil i framtida arrangere opplæringsmøte med alle fylkeskommunar før stortingsval. Her vil ein mellom anna gjennomgå møtebøkene. Departementet vil også sørge for opplæring om møtebøker på valkonferansen for fylkesmenn og fylkeskommunar som skal haldast våren 2007. Her vil vi også gjennomføre oppgåver i å føre møtebøker. Desse oppgåvene vil vi be fylkesmenn og fylkeskommunar om å bruke i si opplæring av kommunane.

2.5 Sikkerheitskoda røystesetlar

2.5.1 Innleiing

I samband med behandlinga av Dokument nr. 8:76 (2003–2004) om forslag til å gjennomføre forsøk med elektronisk røystegiving uttaler komiteen i Innst. S nr. 35 (2004–2005)

«Flertallet ber om at departementet i denne sammenheng vurderer de økonomiske virknogene av et eventuelt påbud om bruk av sikkerhetskodede stemmesedler.»

2.5.2 Vurderinga til departementet

Sikkerheitskoda røystesetlar er ikkje knytte til det å røyste ved hjelp av elektroniske medium. Sikkerheitskodar kan nyttast på papirrøystesetlar. Slike kodar kan nyttast på røystesetlar som skal teljast i optiske lesarar, til dømes for å unngå at den same setelen blir tald to gonger maskinelt.

Bruk av sikkerheitskodar på røystesetlane er ikkje berre – og heller ikkje i første rekke – eit økonomisk spørsmål. Denne typen røystesetlar reiser ein del prinsipielle spørsmål i samband med anonymiteten til veljaren. Prinsipielle spørsmål rundt og konsekvensar av å bruke sikkerheitskoda røystesetlar bør greiast ut før det blir vurdert om ein bør innføre denne typen røystesetlar, eventuelt ved påbod. Departementet vil greie ut spørsmålet nærmare og melde tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

3 Lovendringsforslag

3.1 Skjeringsdato for registrering i manntalet

3.1.1 Gjeldande rett

For at ei røystegiving skal kunne godkjennast, er det eit vilkår at veljaren er innført i manntalet i vedkommande kommune, jf. vallova § 10-2 første ledd bokstav a og § 10-1 første ledd bokstav a. Avgjerande for i kva for eit kommunemanntal ein veljar skal førast inn, er i kva kommune veljaren var registrert som busett 31. mai i valåret. Dette er den såkalla «skjeringsdatoen».

3.1.2 Høyningsnotatet

Bakgrunn

Ved stortingsvalet i 2005 vart 3887 røystegivingar forkasta fordi veljaren ikkje stod i manntalet i den kommunen der han eller ho røysta på valdagen, jf. Innst. S. nr. 1 (2005–2006).

I innstillinga ber fullmaktskomiteen departementet vurdere «ytterligere tiltak både av informasjonsmessig og annen art med det formål å redusere antall forkastede stemmegivninger fordi velgeren ikke er manntalsført». Fullmaktskomiteen oppgir sjølv at eit mogleg tiltak kan vere å sende ut valkort til alle røysteføre med opplysning om mellom anna kvar dei er manntalsførte. Dette tiltaket blir omtalt i kapittel 3.2. Det å skyve skjeringsdatoen for manntalsføringa nærmare valet enn 31. mai, blir også nemnt som eit alternativ dersom dette vil vere forsvarleg av praktiske grunnar.

Vurdering og forslag frå departementet

I høyningsnotatet skreiv departementet at det kan vere fleire årsaker til at valtingsrøystegivingar blir forkasta fordi veljaren ikkje står i manntalet i kommunen:

- Veljarane kan tru at dei er manntalsførte i vedkommande kommune. Desse veljarane kan anten a) vere manntalsførte i ein annan kommune eller b) ikkje vere manntalsførte i nokon kommune, det vil seie at dei ikkje har røysterett. Den mest nærliggjande årsaka til tilfella i kategori a) er truleg at desse veljarane har flytt og

ikkje er klar over at flyttinga må vere meld til folkeregisteret seinast 31. mai i valåret for at dei skal få røysterett i tilflyttingskommunen. Bak b)-tilfella skjuler det seg truleg utanlandske borgarar som trur at dei har røysterett også ved stortingsval, slik dei har ved lokalval.

- Veljarane kan tru at det går an å røyste i ein annan kommune enn den dei er manntalsførte i også på valtinget, slik dei kan ved førehandsrøystegivinga.

I høyningsnotatet vart det vist til at føre stortingsvalet i 2005 informerte departementet om dei ulike reglane som galdt for stortingsvalet, både på TV, på eigne internetsider, i radio, i avisannonser og i ein husstandsbrosjyre (som også vart omsett til fleire språk). Av informasjonen gjekk det klart fram at ein måtte vere norsk statsborgar for å kunne røyste ved stortingsvalet. Det vart vidare informert om at veljarane på valdagen måtte røyste i den kommunen dei var registrerte i folkeregisteret som busett 31. mai i valåret.

Sjølv om departementet, mange kommunar og fylkeskommunar og også til dels media informerte breitt om regelverket føre valet i 2005, var det mange veljarar som røysta i feil kommune eller røysta utan å ha røysterett. I høyningsnotatet gav departementet uttrykk for at dette i og for seg ikkje er overraskande. Informasjonsflaumen i samfunnet i dag er så stor at mange veljarar bevisst eller ubevisst sannsynlegvis vel bort mykje av den informasjonen som blir gitt. Departementet var i høyningsnotatet skeptisk til om det er noko særleg meir å hente ved auka satsing på generelle informasjonstiltak. Slik departementet såg det, er det andre tiltak som i så fall må til.

Departementet gjorde i høyningsnotatet greie for at eitt tiltak som vil kunne medverke til å redusere talet på forkasta røyster fordi veljaren ikkje står innført i manntalet på valdagen, vil vere å forskyve skjeringsdatoen nærmare valdagen. I samband med den nye vallova vart skjeringsdatoen endra frå 31. mars til 31. mai. Vallovutvalet hadde føreslått å endre skjeringsdatoen til 30. juni. I høyringa var det særleg mange som støtta dette forslaget. Departementet slutta seg til forslaget frå utva-

let og føreslo i Ot.prp. nr. 45 (2001-2002) om ny vallov å forskyve skjeringsdatoen til 30. juni.

På bakgrunn av informasjon som kom fram under den høyringa kontroll- og konstitusjonskomiteen hadde om vallova, føreslo komiteen å setje fristen til 31. mai i staden for 30. juni. Dette vart grunngitt i praktiske problem valsekretariata i kommunane står overfor når kandidatane på listene skal stadfestast osv. Det vart oppgitt at ved ein frist for registrering per 30. juni vil utsending til kandidatane først kunne skje frå byrjinga av juli, det vil seie midt i ferietida, jf. Innst. O. nr. 81 (2001–2002) s. 18–19.

I høyringsnotatet uttalte departementet at det hadde vanskeleg for å forstå denne grunngivinga og meinte at det her måtte ligge føre ei misforståing. Departementet kunne ikkje sjå kva slags informasjon som skal sendast ut til kandidatane på dette tidspunktet. Etter at listeforslaga er leverte inn (frist 31. mars), skal valstyret kontrollere at kandidatane er valbare, og kandidatane skal underrettast om at dei er oppførte som kandidatar på eit listeforslag. Listeforslaga skal godkjennast innan 1. juni, slik at kontakten med kandidatane må skje i april/mai. For den kontakten valmyndigheitene har med kandidatane, hadde det derfor – slik departementet såg det – ikkje noko å seie om skjeringsdatoen blir sett til 31. mai eller 30. juni. Ein slik seinare frist vil likevel føre til at det blir litt kortare tid til å produsere valkort. Men det kom i høyringa av forslaget til vallovutvalet ikkje fram noko om at dette ville vere noko problem. Departementet la såleis til grunn i høyringsnotatet at det vil la seg gjere å produsere og sende ut valkort i tide til førehandsrøystegivinga startar 10. august, sjølv om skjeringsdatoen blir endra til 30. juni.

Departementet uttalte i høyringsnotatet at det å forskyve skjeringsdatoen med ein månad vil ha mange fordelar. Ei slik endring vil for det første innebere at fleire veljarar vil kunne røyste i den kommunen dei bur i på valdagen. Dette vil kunne føre til at fleire synest det vil vere meiningsfylt å røyste, fordi mange – særleg ved lokalval – ikkje ser noko poeng i å røyste i den kommunen dei har flytt frå. I tillegg vil det kunne føre til at færre personar røystar i feil kommune på valdagen. Dermed blir færre røystegivingar forkasta, fordi dei ikkje har fått med seg at dei på valdagen må røyste i den kommunen der dei er innførte i manntalet for at røystegivinga skal kunne godkjennast. Ut frå dette uttalte departementet i høyringsnotatet at skjeringsdatoen burde endrast frå 31. mai til 30. juni. I høyringsnotatet spurde departementet likevel om høyringsinstansane meinte dette vil gjere det vanskeleg å sende ut valkort innan førehandsrøystegi-

vinga tek til. Det er fordi denne problemstillinga ikkje vart kommentert av høyringsinstansane i samband med den nye vallova.

3.1.3 Høyringsinstansane

Framlegget frå departementet om å forskyve skjeringsdatoen frå 31. mai til 30. juni får brei tilslutting i høyringsrunden. Ein del kommunar ønsker likevel å halde fast på den skjeringsdatoen vi har i dag.

KS har denne merknaden:

«Skjæringsdatoen for manntallet kan forskyves fra 31. mai til 30. juni. Dette kan gjøres uten store praktiske problemer og vil bidra til at flere både vil ha anledning og være motivert til å delta i valget i den kommunen de har flyttet til.»

Ålesund kommune uttaler dette:

«Vi er enig med departementet i at skjæringsdatoen ikke har noen praktisk betydning for nominasjonsprosessen og listeforslagene og at dette forholdet derfor ikke bør være avgjørende for valg av skjæringsdato. Det viktigste er å la flest mulig få avggi stemme på valgtinget i den kommunen der de er bosatt.»

Gausdal kommune uttaler at skjeringsdatoen kan forskyvast til 30. juni utan at det gjer det vanskeleg å sende ut valkort. Kommunen har undersøkt med leverandøren sin som seier at valkorta kan leverast til rett tid. *Jevnaker kommune* og *Lillehammer kommune* opplyser om det same.

Statistisk sentralbyrå meiner at det verkar fornuftig å flytte skjeringsdatoen til 30. juni. Dette vil fange opp mange flyttingar og føre til færre forkasta røystegivingar.

Stryn kommune går imot forslaget dersom det blir obligatorisk å sende ut valkort. Det er fordi fristen for trykking og utsending av valkort vil bli kort. *Vennesla kommune* sluttar seg heller ikkje til forslaget fordi dette vil skape problem med utsending av valkort som da må skje midt i sommarferien.

Odda kommune vil halde fast på skjeringsdatoen i dag for at veljarane skal få valkorta før ferien.

3.1.4 Merknader og forslag frå departementet

Høyringa støttar vurderinga frå departementet om at det ikkje burde vere vesentlege innvendingar mot å forskyve skjeringsdatoen frå 31. mai til 30. juni i valåret. Ein del kommunar har også undersøkt med leverandørar av valkort og fått opplyst at

ei forskyving av fristen ikkje vil føre til problem for trykking og utsending av valkort.

Somme kommunar meiner likevel at forslaget vil føre til problem fordi utsendinga av valkort da må skje i ferietida. Det er vanskeleg å sjå kvifor dette skulle vere problematisk. Valkorta kan tingast i god tid før ferien, og dei opplysningsane som skal trykkjast på valkorta, kan gjerast klar og sendast til leverandørane av valkort i god tid før ferien. Når da fleire kommunar har fått opplyst av valkortleverandørane sine at desse ikkje meiner ei forskyving av skjeringsdatoen vil føre til noko problem for utsendinga av valkort, er det vanskeleg å forstå kva slags problem det her er snakk om.

På bakgrunn av dette vil departementet fremme forslag om at skjeringsdatoen blir endra frå 31. mai til 30. juni i valåret.

3.2 Obligatorisk utferding av valkort

3.2.1 Gjeldande rett

Det følgjer av valforskrifta § 22 første ledd at røystemottakarar innanriks skal skrive ut valkort til veljarar som røystar på førehand. Valkortet blir lagt ned i ein omslagskonvolutt saman med røystesetelkonvolutten med innhald og sendt til valstyret i den kommunen der veljaren er manntalsført. Veljaren blir «identifisert» på bakgrunn av opplysningsane på valkortet, det blir kryssa av ved namnet hans eller hennar i manntalet, og røystegivinga blir så godkjend. Kommunane har elles inga plikt til på førehand å sende ut valkort til veljarane i kommunen sin. Mange kommunar gjer dette likevel frivilig.

3.2.2 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet gjorde departementet greie for at eit pålegg om å sende ut valkort til alle veljarane kan vere eit tiltak for å redusere talet på veljarar som på valdagen røystar i ein annan kommune enn der dei er manntalsførte.

Dette vart også vurdert før den nye vallova vart vedteken. Vallovutvalet føreslo å vidareføre den daverande ordninga med utsending av valkort, likevel slik at det var kommunane som skulle ha ansvaret for produksjon og utsending. Høyringsinstansane uttalte seg ikkje særskilt om valkorta.

Departementet skrev i Ot.prp. nr. 45 (2001–2002) om ny vallov at valkorta har ulike funksjonar. Det vart framheva at framsending til rett valstype og «identifisering» av veljaren var utgangspunktet for ordninga. Departementet kom til at når det

galdt førehandsrøystegivinga, burde det nyttast valkort for framsending av røystegivinga til rett valstype og sikker identifikasjon av veljaren. Det vart føreslått (og vedteke) at mottakaren av førehandsrøyster skulle skrive ut valkort til veljarar som ønskte å røyste på førehand.

Departementet uttalte i Ot.prp. nr. 45 (2001–2002) også at valkorta i tillegg er eit hjelpemiddel til ei rask og effektiv avvikling av røystegivinga på valdagen. Departementet reiste spørsmålet om denne funksjonen er så grunnleggjande viktig at kommunane burde påleggjast å sende ut valkort til alle veljarane. Slik departementet såg det, burde det vere opp til kommunane å vurdere kva for hjelpemiddel som er nødvendige for at dei skal kunne gjennomføre valet, ikkje berre effektivt, men også kostnadseffektivt.

Det vart også sagt i forarbeida at det kan argumenterast for at valkortet kan fungere som eit synleg teikn på den «samfunnskontrakten» som ligg til grunn ved demokratiske val. Det er positivt at veljarane blir inviterte til å delta i val ved at dei får eit valkort heim til seg i si eiga postkasse. Samstundes er det ei påminning om det kommande valet, og ein kan dermed hevde at det har ein viss mobiliserande effekt. Departementet uttalte at det likevel var i tvil om dette var ei god nok grunngiving for å påleggje kommunane å trykkje valkort til alle veljarane som ei obligatorisk ordning.

Departementet konkluderte i Ot.prp. nr. 45 (2001–2002) med at ordninga med utsending av valkort i regi av departementet ikkje burde førast vidare som ei obligatorisk ordning for alle røysteføre. Ein skulle likevel halde fast på bruken av valkort som obligatorisk ordning ved førehandsrøystegivinga. Stortinget vedtok forslaget til departementet.

I høyringsnotatet uttalte departementet at spørsmålet om å sende ut valkort som tiltak for å redusere talet på forkasta røystegivingar ikkje vart vurdert i samband med at den nye vallova vart vedteken.

Departementet vurderte i høyringsnotatet på nytt valkort som ei obligatorisk ordning. Når ein sender ut valkort til alle veljarane, vil ein kunne gi kvar veljar konkret informasjon om kvar vallokalet er, og når det er ope. Dette er informasjon som veljarane spør etter. Denne informasjonen kan også gjere terskelen for å røyste lågare, det vil seie å medverke til å auke valdeltakinga. Samstundes vil fleire veljarar truleg røyste i det vallokalet dei er manntalsførte i på valdagen, noko som kan gjere oppteljinga for kommunane litt enklare og dermed gi eit raskare valoppgjer. Dette er fordelar som kjem i tillegg til å redusere talet på forkasta røyste-

givingar. Det er derfor fleire ulike faktorar som taler for å innføre utsending av valkort til veljarane som ei obligatorisk ordning.

I høyringsnotatet gav departementet uttrykk for at dette er andre moment enn det som opphavleg grunngav innføringa av obligatoriske valkort. Det vart ikkje lagt avgjerande vekt på desse momenta da ein vurderte om ordninga med valkort skulle førast vidare i ny vallov. Departementet meinte likevel i høyringsnotatet at det er større behov for å sende ut valkort som eit hjelpemiddel ved gjennomføringa av røystegivinga på valdagen, enn det som vart lagt til grunn i forarbeida til den nye vallova. Departementet gav derfor i høyringsnotatet uttrykk for at kommunane burde påleggjast å sende ut valkort til alle innbyggjarane i kommunen sin i tråd med det opphavlege forslaget frå vallovutvalet.

3.2.3 Høyringsinstansane

Eit stort fleirtal av høyringsinstansane støttar forslaget frå departementet om å påleggje kommunane å sende ut valkort til veljarane. Ein del kommunar er likevel negative til forslaget.

KS er samd i forslaget frå departementet om at kommunane skal sende ut valkort. Dei går ut frå at staten dekkjer meirkostnadene.

Fylkesmannen i Østfold meiner det vil vere positivt med valkort til alle veljarane, både av omsyn til avviklinga av valet og til kvar veljar. Fylkesmannen peiker på at valkort vil kunne føre til at gjennomføringa av valet kan skje på ein rask og effektiv måte, noko som også vil vere positivt for veljarane. Fylkesmannen er samd i at valkort vil kunne fungere som ei påminning og gi viktig informasjon om når og kvar valet går føre seg.

Asker kommune støttar forslaget om at alle røysteføre skal få tilsendt valkort. Men kommunen peiker på at reglane for utforminga av valkort ikkje må bli slik at det ikkje er høve til å få inn annan lokal informasjon på valkortet. Også *Oslo kommune* understrekar at valkortet må kunne innehalde lokal informasjon.

Sør-Odal kommune har denne fråsegna:

«Sør-Odal kommune støtter forslaget om at det sendes ut valkort til alle stemmeberettigede i kommunen. Kostnadene bør dekkas av staten.

Sør-Odal kommune har benyttet valkort siden dette ble innført. Sør-Odal kommune har gode erfaringer med bruk av valkort, både som en informasjon om stemmested og stemmetider for velgeren og gjør også selve forhåndsstemmegivningen enklere for valgfunk-

sjonærene. Antall «fremmede stemmer» har også gått ned etter innføringen av valgkort.»

Ski kommune uttaler dette:

«Ski kommune har valgt å sende ut valgkort til alle i kommunen som har stemmerett ved vedkommende valg. Hovedhensynet har for vårt vedkommende vært å gi velgerne informasjon om valget, forhåndsstemmeperioden – sted og åpningstider, tidspunkt for valgting – åpningstider samt valglokale. I tillegg er valgkort nyttig for stemmemottaker da det har sidehenvisning til manntallet.

Utsending av valgkort har en kostnadsside som tidligere ble dekket av departementet. For en kommune av vår størrelse blir totalkostnaden ved dette fort kr 130-150.000. For vårt vedkommende har det likevel aldri vært tvil om hvorvidt vi skal sende ut valgkort – fordelene er så store. Vi er også rimelig sikre på at velgerne også ønsker disse kortene ettersom vi får mange telefoner vedrørende når de kommer samt at de etterlyses dersom de ikke kan se å ha mottatt slikt. Erfaringsvis er valgkort en tidsbesparende faktor ved mottak av forhåndsstemmer – det tar tid å hente opp kort fra valgsystemet samt skrive slike ut. Videre melder stemmestyrrene om at de er svært fornøyde når valgkort medbringes til valgtinget da det gjør oppslag i manntallet enklere og raskere.

Ski kommune er litt i tvil om en bør pålegge alle kommuner dette, men er ikke i tvil når det gjelder fordelene.»

Bamble kommune, Gloppe kommune og ein del andre kommunar meiner at staten bør stå for utsendinga av valkort.

Røyrvik kommune meiner at eit lovpålegg om utsending av valkort ikkje vil ha nokon verknad når det gjeld valdeltaking eller forkasting av røystegivingar i små kommunar.

3.2.4 Merknader og forslag frå departementet

Når departementet i høyringsnotatet gjekk inn for å lovfeste at kommunane skal sende ut valkort til veljarane, var dette ikkje grunngitt i eitt enkelt forhold, men fordi departementet meinte at ei slik ordning ville ha mange fordelar.

Fleire høyringsinstansar peiker da også på ei rekke fordelar ved å innføre valkort. Det blir vist til at valkortet kan fungere som ei påminning, at valkortet gir viktig informasjon om når og kvar valet går føre seg, at både gjennomføringa av førehåndsrøystegiving og røystemottak på valtinget blir enklare for valfunksjonærane, og at talet på «framande røyster» går ned.

Rørvik kommune meiner at utsending av valkort ikkje vil ha noko å seie for valdeltakinga eller forkastinga av røystegivingar i små kommunar. Det er vanskeleg å ha noka sikker meinung om dette. Departementet meiner likevel at det å bruke valkort har så mange fordelar at ei slik ordning likevel bør innførast. Desse fordelane kan kanskje ikkje kvar for seg forsvare ei slik utgift, men når ein ser på summen av fordelane av å innføre valkort for alle, meiner departementet at ordninga kan forsvaret og dermed bør innførast.

Somme kommunar meiner at det er staten som bør stå for utsending av valkort og ikkje kommunane. Departementet vil understreke at det er kommunane som sit inne med dei opplysingane som skal førast på valkortet om mellom anna tid og stad for røystegivinga, manntalsnummer osv. Det er i tillegg kommunane som sjølv avgjer kva for opplysningar (ut over eit visst minimum som vil følgje av forskrift) som skal stå på valkortet. Kommunane vil såleis i alle tilfelle vere den instansen som sørger for å levere informasjonen som skal trykkjast på valkorta. Slik departementet ser det, vil derfor den einaste praktiske ordninga vere at kommunane som sjølv sit med alle dei opplysingane som skal førast på valkorta, også har ansvaret for å sende ut valkort.

Departementet fremmar på bakgrunn av dette forslag om at kommunane skal sende ut valkort til veljarane.

3.3 Krav til legitimasjon når ein røystar

3.3.1 Gjeldande rett

Det følgjer av vallova § 8-4 tredje ledd (førehandsrøystegivinga) og § 9-5 andre ledd (valtinget) at røystemottakaren kan krevje at veljaren legitimarer seg. I Ot.prp. nr. 45 (2001-2002) om ny vallov understreka departementet at røystestyret må vere bevisst på at når det kryssar av for veljaren i manntalet, går det god for at veljaren faktisk er den han eller ho gir seg ut for å vere. Røystemottakaren må såleis før avkryssinga vurdere om ein ukjend veljar har identifisert seg på ein fullgod måte.

3.3.2 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet gjorde departementet greie for at reglane for krav til legitimasjon synest å bli praktisert ulikt i kommunane. Ved førehandsrøystegivinga er det vanleg å be veljarane identifisere seg. På valdagen er truleg den vanlegaste ordninga å spørje om namn og fødselsdato utan å be om legitimasjon. Reglane blir såleis praktiserte ulikt ved

førehandsrøystegivinga og på valdagen, sjølv om reglane i vallova ikkje skulle tale for ein slik skilnad.

Departementet opplyste i høyringsnotatet at det ved valet i 2005 vart sett noko fokus i media på at veljarar fekk røyste utan at dei måtte legitimere seg. Det vart vist til at ein ikkje kan sjå bort frå at ein før eller seinare vil kunne oppleve freistnader på valfusk på dette grunnlaget.

Sverige har nyleg innført krav om at ukjende veljarar skal legitimere seg eller på andre måtar stadfeste identiteten sin. I forarbeida til lovendringa blir det nemnt at det siste alternativet i praksis vil vere at andre stadfester identiteten til vedkommande veljar.

Ved valet i 2005 overvakte internasjonale valobservatorar (etter invitasjon frå Den norske Helsingforskomiteen) avviklinga av stortingsvalet. I høyringsnotatet viste departementet til at valobservatørane i rapporten sin rådde til at det vart innført krav om obligatorisk veljarlegitimasjon for å få røyste.

Det er ein grunnleggjande regel i eit demokratisk samfunn at kvar veljar berre får godkjent éi røyst. Dersom ein veljar greier å røyste i namnet til ein annan veljar, vil vedkommande kunne få godkjent to røyster. Eit effektivt verkemiddel for å sikre at ein ikkje kjem opp i ein slik situasjon, vil vere å innføre krav om at alle veljarar *skal* legitimere seg for å få røyste. Eit slikt krav vil også hindre at det oppstår tvil om det har vore fuska. Departementet viste i høyringsnotatet til at mistanke om juks på grunn av manglande krav til å vise legitimasjon kan svekkje tilliten veljarane har til valsystemet.

Somme vil innvende at valgjennomføringa vil bli seinka av eit slikt legitimasjonskrav. Departementet meinte det ikkje er grunn til å tru at dette vil bli konsekvensen. Dei fleste er no så vane med å vise legitimasjon i ulike samanhengar at når veljarane blir informerte om dette kravet, vil dei ikkje bruke særleg ekstra tid på å finne fram legitimasjonsdokument. Når det gjeld valfunksjonærane, uttalte departementet at det å kontrollere ein legitimasjon ikkje vil vere meir tidkrevjande enn den kontrollen som i dag skjer dei fleste stader på valdagen. I alle tilfelle bør omsynet til at veljarane ikkje skal kunne røyste i namnet til andre veljarar, vege tyngst.

Departementet føreslo i høyringsnotatet at vallova vart endra slik at det blir eit krav om at ukjende veljarar *skal* legitimere seg for å kunne røyste. Sidan det ikkje er noko generelt krav at alle borgarar i Noreg skal ha eit legitimasjonskort, føreslo departementet at det bør opnast for at iden-

titeten til veljaren kan stadfestast av ein annan person som kan legitimere seg. Denne opplysninga bør i så fall noterast av røystemottakaren/røystestyret i samband med røystegivinga, slik at ein kan få oppklart eit eventuelt misbruk av ordninga og det dermed kan verke avskreckande på personar som kan tenkast å misbruke ordninga. Departementet føreslo at dette burde fastsetjast i forskrift.

3.3.3 Høyningsinstansane

Så å seie alle høyningsinstansane som uttaler seg om forslaget, sluttar seg til det.

Nokre få høyningsinstansar går likevel imot forslaget om at identiteten til ein ukjend veljar kan stadfestast av ein annan person over 18 år som legitimerer seg, dersom vedkommande veljar sjølv ikkje kan vise legitimasjon.

Utanriksdepartementet peiker på at det i proposisjonen bør takast inn referansar til Noregs internasjonale forpliktingar når det gjeld gjennomføringa av politiske val. Det blir særleg vist til FN-s konvensjon om sivile og politiske rettar artikkel 25, som også er ein del av norsk lov, og valstandardar som er utarbeidde av Organisasjonen for sikkerheit og samarbeid i Europa, OSSE.

Ski kommune uttaler dette:

«Ski kommune hadde besøk fra valgobservatører ved siste stortingsvalg. Også her ble det påpekt forundring over at man ikke krevde legitimasjon fra alle velgerne.

Vi er enige i at det bør lovfestes at det skal kreves legitimasjon fra ukjent velger slik som foreslått [...]. Et slikt krav vil styrke valgets legitimitet og samtidig gjøre det enklere for stemmemottaker og be om legitimasjon. Vi ser positivt på at det gis adgang til å få ukjent identitet bekreftet fra myndig person som legitimerer seg.»

Asker kommune har denne merknaden:

«Asker kommune har liten eller ingen erfaring med at velgere forsøker å stemme i en annens navn under valgtinget. Imidlertid antas det at dersom noen ønsker å avgj stemme i en annens navn - vil dette relativt enkelt kunne la seg gjennomføre. Asker kommune støtter derfor departementets forslag om at velger som er ukjent for stemmemottaker skal legitimere seg - eller at velgerens identitet kan bekreftes av en annen person over 18 år som legitimerer seg. Departementet bes å fastsette i forskrift krav til hvilken type legitimasjon som ansees som gyldig. En slik endring vil kunne øke behovet for større kapasitet ifm avkryssing/kontroll i manntallet.»

Karmøy kommune har denne merknaden:

«Dersom krav om legitimering skal praktiseres strengt, forutsetter dette grundig informasjon. Legitimering har til nå bare vært understreket ved forhåndstemmegivning. Dersom en velgers identitet blir bekreftet av en annen person over 18 år som legitimerer seg, bør det være unødvendig med en forskrift om at dette skal noteres/protokolleres av stemmemottaker. Strengere krav til legitimering kan i seg sjøl forsinke valgavviklingen i stemmelokalet, og notering av at en annen person har bekreftet en velgers identitet, virker unødvendig byråkratisk og forsinkende.»

Ringsaker kommune meiner at det ikkje bør vere høve for andre personar til å stadfeste identiteten til ein ukjend veljar. Kommunen uttaler:

«Når det gjelder den andre setningen, er kommunen betenk over å skulle praktisere en slik bestemmelse. Ordningen vil være lett å misbruke. En kontrollroutine der stemmemottaker fører journal over de som bruker ordningen, anses ikke å virke avskreckende på velgere som kan tenke seg å jukse under valget. Når velgeren først er krysset av i manntallet, kan evt. feil ikke rettes opp.

Riktignok er det i Norge ingen plikt til verken å være i besittelse av legitimasjon eller å bære legitimasjon på seg. Voksne personer har imidlertid normalt med seg godkjent legitimasjon fordi dette er nødvendig i en rekke sammenhenger. En må gå ut fra at dette også gjelder innvandrere fra ikke-vestlige land siden disse må ha oppholdt seg en viss tid i Norge før å ha stemmerett.

Ringsaker kommune mener følgelig at den andre setningen i forslaget skal utgå.»

Også ein del andre høyningsinstansar som *Sør-Odal kommune, Ålesund kommune og Stokke kommune* går imot forslaget om at identiteten til ein ukjend veljar skal kunne stadfestast av andre.

Datatilsynet uttaler dette:

«Datatilsynet finner at det er uheldig å innføre krav om legitimasjon dersom det ikke foreliggjer et reelt behov for legitimering. [...] Datatilsynet ser imidlertid at det har betydning for folks tillit til det demokratiske systemet at man innfører ordninger for å forhindre at hver velger avgir mer enn en stemme eller at feil person avgir stemme. Datatilsynet opplever en økende pågang av klager fra personer som utsettes for forskjellige former for identitetstyveri. [...]»

Sett på denne bakgrunn finner Datatilsynet at det er hensiktsmessig å innføre et krav om at man skal legitimere seg ved avgivelse av stemme. Samtidig er det problematisk å stille

krav til legitimasjon når det ikke finnes et allment godkjent legitimasjonsmiddel. Enkelte typer kort som ofte benyttes som legitimasjon har vært utsatt for forfalskning, dette gjelder for eksempel Postverkets ID-kort og enkelte utgaver av førerkortet. Det er derfor viktig å ta stilling til hvilke legitimasjonskort som kan aksepteres, om det skal være krav til kvalitet, utsteder m.m. [...]

Det er videre uklart for Datatilsynet i hvilken grad, og eventuelt hvordan, det skal registreres at legitimasjonen er kontrollert. [...] Datatilsynet understreker at fødselsnummer ikke bør benyttes i denne sammenhengen, da fødselsnummeret ikke er egnet for legitimasjonsformål.

Datatilsynet finner det utilfredsstillende at det aksepteres som legitimasjon at identiteten bekreftes av en annen person over 18 år som legitimerer seg. Dette innebærer ikke noen reell kontroll med velgerens identitet. Muligheten for identitetstyveri i denne anledningen er stor, fordi det er tilstrekkelig at to personer samarbeider med dette formål.

[...] I Norge må det høre til sjeldenhetsene at en person over 18 år ikke kan fremvise en eller annen form for kort med bilde og andre personopplysninger som egner seg til legitimasjon, for eksempel pass, førerkort eller bankkort og samtidig ikke er kjent for stemmemottaker. Datatilsynet anbefaler at alternative løsninger vurderes nærmere.»

3.3.4 Merknader og forslag frå departementet

Forslaget frå departementet om krav til legitimasjon får særleg stor tilslutning i høyringa.

Utanriksdepartementet peiker likevel på at forholdet til Noregs internasjonale forpliktingar når det gjeld gjennomføringa av politiske val, bør kommenterast. Som nemnt ovanfor vart avviklinga av stortingsvalet i 2005 overvakt av internasjonale valobservatørar etter valstandardar som OSSE har utarbeidd. Tiltrådinga frå valobservatørane om å innføre krav om legitimasjon for å kunne røyste medverkar såleis til at valet kan gjennomførast i tråd med valstandardane til OSSE.

Det følgjer av FNs konvensjon om sivile og politiske rettar art. 25 at «kvar borgar skal, utan noka form for forskjellsbehandling som nemnd i artikkel 2 og utan urimelege avgrensingar, ha rett og høve til å røyste og bli vald ved frie periodiske val som skal byggje på allmenn og lik røysterett og hemmeleg avrøysting, som sikrar at viljen til veljarene kjem fritt til uttrykk».

Det følgjer av dette at ein regel om at ein skal legitimere seg for å kunne røyste, ikkje må formast på ein slik måte at han reelt blir ei «urimeleg avgrensing» i retten til å røyste. Det bør såleis ikkje innførast krav som fører til at somme veljarar i realiteten ikkje får høve til å røyste. Det ville til dømes truleg ha vore urimeleg å krevje at ein måtte vise førarkort for å kunne røyste. Noka slik avgrensing blir likevel ikkje føreslått. I det norske samfunnet i dag er det i svært mange samanhengar vanleg å vise legitimasjon, til dømes på Posten og i banken. Det er dessutan både lett og billig å skaffe seg ein legitimasjon.

Eit krav om legitimasjon kan dessutan medverke til å hindre valfusk. Når det blir innført krav om legitimasjon, sikrar styresmaktene at somme veljarar ikkje blir fråtekne retten til å røyste ved at andre veljarar får høve til å røyste i namnet til vedkommande.

Slik departementet ser det, medverkar eit krav om legitimasjon for å kunne røyste i tråd med forslaget i proposisjonen såleis til at Noreg oppfyller sine internasjonale forpliktingar når det gjeld å gjennomføre val.

I høyringsnotatet føreslo departementet at dersom ein veljar ikkje kunne legitimere seg, så skulle identiteten til veljaren i staden kunne stadfestast av ein annan person over 18 år som legitimerte seg. Også dette forslaget har fått stor oppslutning i høyringsrunden. Nokre høyringsinstansar går likevel imot forslaget. Som mellom anna Ringsaker kommune er inne på i høyringsfråsegna si, vil ein slik regel ikkje kunne hindre fusk, og dersom det faktisk blir fuska, vil feilen ikkje kunne rettast opp att. Det faktumet at røystemottakaren skal notere ned opplysningar om den personen som stadfester identiteten til ein ukjend veljar, vil til ein viss grad føre til at folk ikkje prøver å fuske. Men departementet ser at dette ikkje er ei like sikker løysing som å stille eit ufråvikeleg krav om at ukjende veljarar må legitimere seg for å kunne få røyste.

Også Datatilsynet går imot forslaget om at identiteten til ein veljar skal kunne stadfestast av ein annan person over 18 år som legitimerer seg. Tilsynet peiker på at faren for identitetstjuveri er stor, da det er nok at to personar samarbeider. Det blir også framheva at det må vere reine unntakstilfelle at ein person ikkje kan vise fram ei eller anna form for legitimasjon og samstundes er ukjend for røystemottakaren.

I høyringsnotatet la departementet stor vekt på at det ikkje bør innførast reglar som fører til at somme veljarar ikkje får røysta fordi dei ikkje kan legitimere seg. Det var på bakgrunn av dette at det vart føreslått at identiteten til veljaren kunne bli

stadfest av ein annan person. Departementet er likevel samd med dei høyringsinstansane som peiker på at ein slik regel ikkje vil hindre valfusk. Ein slik regel vil berre – i ein viss grad – kunne sørge for å fastslå om det har vore valfusk, og eventuelt sørge for at dei som har juksa, blir straffa. Slik departementet vurderer det, bør det leggjast større vekt på å hindre at valfusk i det heile kan skje enn det det vart gjort i høyringsnotatet. Etter ei fornya vurdering har departementet derfor komme til at ein ikkje bør opne *generelt* for at identiteten til ein ukjend veljar kan stadfestast av ein annan person over 18 år som legitimerer seg. Dei fleste veljarane har alt ein legitimasjon, og dei veljarane som ikkje har det, kan skaffe seg dette enkelt og billig.

Ved røystegiving på institusjonar, til dømes sjukeheimar, aldersheimar og fengsel, vil det likevel kunne vere behov for ein slik regel. Dersom ein veljar som har tilknyting til ein slik institusjon, ikkje er kjend for røystemottakaren og heller ikkje kan legitimere seg, meiner departementet at ein bør opne for at identiteten til veljaren blir stadfest av ein tilsett ved institusjonen. Departementet ser det slik at eit slikt avgrensa høve til å få identiteten sin stadfest av andre, ikkje undergrev omsynet bak regelen om at ein ukjend veljar skal legitimere seg.

Det å innføre ein regel om at ein veljar må legitimere seg dersom vedkommande er ukjend for røystemottakaren, vil kunne føre til at somme veljarar blir avviste dersom dei ikkje har med seg legitimasjon når dei skal røyste. Departementet vil derfor i informasjonsopplegget sitt for valet i 2007 legge stor vekt på å informere om denne nye regelen dersom han blir vedteken.

Somme høyringsinstansar skriv at departementet bør fastsetje i forskrift kva type legitimasjon som kan aksepterast. Departementet er ikkje sikker på om det er nødvendig med ein slik regel. Særleg ved førehandsrøystegivinga blir alt i dag ukjende veljarar bedne om å legitimere seg. Departementet kjenner ikkje til at det har vore problem i samband med praktiseringa av dette. For å kunne fungere som legitimasjon må legitimasjonen innehalde namn på og bilet av personen. I utgangspunktet verkar det naturleg å be om pass, bankkort, førarkort eller annan legitimasjon som offentleg styresmakt har utferda. Dersom veljaren ikkje har slik legitimasjon, meiner departementet at det vil vere for strengt å avvise veljaren dersom vedkommande har ein annan type legitimasjon som røystemottakaren etter ei konkret vurdering finn å kunne godkjenne. Ved denne vurderinga vil det vere naturleg å leggje vekt på «kvaliteten» på den framviste legitimasjonen, til dømes kva slags type

laminering som er nytta. Dette kan vere avgjande for kor enkelt det vil vere å forfalske legitimasjonen. Ut frå dette har departementet komme til at det ikkje bør stå i forskriftena kva typar legitimasjon som kan godkjennast.

Departementet fremmar forslag om at ein ukjend veljar må legitimere seg for å røyste. Ved institusjonsrøystegiving bør likevel veljarar som høyrer heime på institusjonen, kunne få identiteten sin stadfest av ein tilsett på institusjonen dersom vedkommande ikkje kan legitimere seg.

3.4 Frist for førehandsrøystegiving utanriks og på Svalbard

3.4.1 Gjeldande rett

For at ei førehandsrøystegiving skal kunne godkjennast, må ho ha komme inn til valstyret innan kl. 20 på valdagen, jf. vallova § 10-1 første ledd bokstav g. Det følgjer av vallova § 8-1 andre ledd at veljarane kan førehandsrøyste til og med siste fredag før valdagen, både innanriks og utanriks. Men veljaren er sjølv ansvarleg for å førehandsrøyste på eit tidspunkt som gjer at førehandsrøystegivinga kjem fram til valstyret tidsnok til å kunne godkjennast, jf. tredje ledd i føresegna.

3.4.2 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet uttalte departementet at når det gjeld førehandsrøystegiving utanriks, er det å finne tenlege ordningar som sikrar at førehandsrøystegivingar som er gitt i utlandet, kjem heim til valmyndigkeitene i tide, noko vanskelegare enn for førehandsrøystegivingar som er gitt innanriks. Det er fordi det varierer mykje kor lang tid ei postsending tek til Noreg frå ulike land. Her er det veljarane sjølv og personellet på utanriksstasjonane som ein må tru har best oversikt over kor lang tid dette tek. Dette kan tale for å innføre ei tilsvarende ordning som i Sverige, der det er lov å levere førehandsrøysta på utanriksstasjonar så lenge ein kan gå ut frå at røystegivinga når fram til valmyndigkeitene i tide.

Eit anna alternativ er å fastsetje avslutninga av førehandsrøystegivinga til ein fast dato, men tidlegare enn førehandsrøystegiving innanriks. Desse alternativa kan eventuelt kombinerast med å gi utanriksstasjonane instruks om å sende førehandsrøystegivingane heim til Noreg med ekspresspost der dette er mogleg og nødvendig for at røystegivingane skal nå fram til valmyndigkeitene i tide.

Departementet gav i høyringsnotatet uttrykk for at det vil kunne bli vanskeleg å praktisere ein

regel der det er mogleg å forehandsrøyste fram til eit tidspunkt der ein kan gå ut frå at forehandsrøystegivinga vil rekke fram til valmyndighetene tidsnok til å kunne godkjennast. Departementet meiner at det vil vere ei betre og enklare ordning å avslutte forehandsrøystegivinga til eit fastsett tidspunkt, noko som også vil gjere informasjonsarbeidet enklare. Etter det departementet seier i høringsnotatet, ville det å tillate veljarar utanriks å forehandsrøyste til og med nest siste fredag før valdagen vere ei tenleg løysing når ein veg mot kvarandre omsynet til å la veljarane få høve til å forehandsrøyste og omsynet til at røystene bør rekke fram til valstyret i tide til å kunne godkjennast. I tillegg bør utanriksstasjonane instruerast om å sende røystegivingane med ekspresspost der som det er mogleg og blir vurdert som nødvendig for å få sendingane tidsnok fram. Det er likevel grunn til å understreke at sjølv med desse endringane kan ein ikkje garantere at alle forehandsrøystegivingane kjem fram i tide.

3.4.3 Høringsinstansane

Når det gjeld forslaget om å avslutte forehandsrøystegivinga utanriks nest siste fredag før valdagen, sluttar så å seie alle høringsinstansane seg til dette forslaget.

KS går likevel imot forslaget. Ein meiner det vil verke urimeleg avgrensande for svært mange personar å innskrenke perioden for forehandsrøystegivinga.

Sysselmannen på Svalbard har denne fråsegna:

«Vi antar at det er hensynet til postgangen som ligger til grunn for at Svalbard er behandlet på lik linje med utenriksstasjoner når det gjelder avslutning av forhåndsstemmegivningen.

Vi kan i den forbindelse opplyse at Sysselmannen ved de tidligere valg har avsluttet mottak av forhåndsstemmer kl. 10.30 torsdag før valgdagen. Erfaringsmessig har det vært stor pågang av velgere den siste uka før valget, særleg ved stortingsvalg. Det vil derfor være uheldig om fristen settes så tidlig som til nest siste fredag før valdagen, slik det er foreslått. Vi har fått tilbakemelding om at kun en av stemmene ikke har nådd fram i tide, og antar derfor at ordningen har fungert tilfredsstillende.

Posten opplyser at det er postgang seks dager pr. uke fra Longyearbyen til fastlandet. Det fremholdes at posten fra Svalbard som hovedregel skal være framme neste virkedag, på linje med landet for øvrig. Med et ytterligere «slingringsmonn» på to virkedager, skulle det derfor ikke være grunn til å skille mellom Sval-

bard og resten av landet når det gjelder avslutting av forhåndsstemmegivningen.

[...] Vi foreslår derfor at fristen på Svalbard fortsatt bør være den samme som i landet for øvrig.»

3.4.4 Merknader og forslag frå departementet

Det har i høyringa nesten ikkje komme inn innvendingar mot forslaget departementet har i høringsnotatet.

Det er klart at ei forkorting av forehandsrøysteperioden til ein viss grad vil avgrense det høvet veljarar som held til i utlandet, har til å kunne forehandsrøyste, slik KS gir uttrykk for. Departementet meiner likevel det er grunn til å legge større vekt på at røystegivingane skal komme fram i tide, slik at dei ikkje blir forkasta. I utlandet er det mogleg å forehandsrøyste alt frå 1. juli. Sjølv med ei forkorting av forehandsrøysteperioden vil det vere mogleg å forehandsrøyste i ein periode på over to månader i utlandet. Slik departementet ser det, er dette eit svært godt tilbod til veljarane. Departementet meiner derfor at forehandsrøystegivinga utanriks bør vere avslutta nest siste fredag før valdagen.

Departementet finn likevel grunn til å føreslå ei lita endring når det gjeld forehandsrøystegivingsperioden på Svalbard. Sysselmannen peiker på at dei ved dei siste vala har avslutta forehandsrøystegivinga kl. 10.30 siste torsdag før valet. Dei har berre fått éi tilbakemelding på at forehandsrøystegivingar har komme for seint fram. Departementet har forståing for innvendingane frå sysselmannen. På den andre sida har sysselmannen ved tidlegare val avslutta røystegivinga før siste frist for å forehandsrøyste på fastlandet, for at forehandsrøystegivingane skal komme fram i tide. Ut frå dette finn departementet det mest formålstenleg å fastsetje at sysselmannen kan bestemme at forehandsrøystegivinga på Svalbard skal avsluttast på eit tidlegare tidspunkt enn forehandsrøystegivinga innanriks. Svalbard er eit lite samfunn, der ein slik regel ikkje burde vere vanskeleg å praktisere. I realitet er det jo slik regelen har vorte praktisert i dag.

3.5 Kommunelova § 29 nr. 4 – korrigering av feil

Før dei siste endringane i kommunelova, som blei vedtekne etter forslag i Ot.prp. nr. 96 (2005-2006) Om lov om endringer i lov 25. september 1992 nr.

Om lov om endringar i lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre mv.
(skjeringsdato, valkort o.a.)

107 om kommuner og fylkeskommuner m.m. (komitémodell, avtalevalg m.m.) og Innst. O. nr. 9 (2006-2007), hadde kommunelova § 29 nr. 4 siste punktum følgjande ordlyd:

«Bestemmelsene i §§ 36 til 38 kommer likevel til anvendelse.»

I Ot.prp. nr. 96 (2005-2006) foreslo departementet ei ny føresegn i kommunelova om val til kommunale organ, såkalla avtaleval. Føresegna blei teken inn i ein ny § 38 a. Som ein konsekvens av dette, blei det nødvendig å oppdatere teksten i enkelte andre føresegn som inneheldt tilvising til

kommunelova sine føresegner om val, mellom anna § 29 nr. 4 siste punktum. I staden for å vise til §§ 36 til 38, blei det nødvendig å vise til §§ 36 til 38 a.

Ved ein feil blei det vedteke ei ekstra endring i kommunelova § 29 nr. 4 ved at ordet «ikke» kom inn ein plass det ikkje skulle stått. Føresegna slik den blei vedteken lyder:

«Bestemmelsene i §§ 36 til 38 a kommer likevel ikke til anvendelse.»

Departementet foreslår at ordlyden i § 29 nr. 4 siste punktum blir justert for å rette på dette.

4 Forslag i høyringsnotatet der det ikkje blir fremma forslag til lovendring

4.1 Frist for førehandsrøystegiving innanriks

4.1.1 Gjeldande rett

For at ei førehandsrøystegiving skal kunne godkjennast, må ho ha komme inn til valstyret innan kl. 20 på valldagen, jf. vallova § 10-1 første ledd bokstav g. Det følgjer av vallova § 8-1 andre ledd at veljarane kan førehandsrøyste til og med siste fredag før valldagen, både innanriks og utanriks. Veljaren er likevel sjølv ansvarleg for å førehandsrøyste på eit tidspunkt som gjer at førehandsrøystegivinga kjem fram til valstyret tidsnok til å kunne godkjennast, jf. tredje ledd i føresegna.

4.1.2 Høyringsnotatet

Bakgrunn

I høyringsnotatet viste departementet til at ved stortingsvalet i 2005 kom ein del førehandsrøystegivingar for seint fram til valstyra i kommunane til å kunne godkjennast. Stortingets fullmaktskomité nemner i si innstilling (Innst. S. nr. 1 (2005–2006)) at 605 førehandsrøystegivingar vart forkasta fordi dei kom for seint fram. Men mange kommunar gjer seg ferdig med møtebøkene tysdag etter valldagen, slik at det reelle talet truleg er litt høgare (fordi førehandsrøystegivingane kjem fram seinare enn tysdag etter valet).

Fullmaktskomiteen har fleire merknader i innstillinga si til at ein del førehandsrøystegivingar kjem for seint fram til å kunne godkjennast. Komiteen peiker på at utgangspunktet må vere at veljarar som førehandsrøystar på eit lovleg tidspunkt, skal vite at røystegivinga kjem tidsnok fram. Komiteen ber departementet mellom anna vurdere om reglar for framsending bør stå i forskrift. Det blir vidare uttalt at komiteen meiner ein bør vurdere om fristen valldagen kl. 20 bør haldast ved lag. Dersom ein set fristen til tysdag etter valldagen, vil fleire førehandsrøystegivingar komme fram tidsnok til å kunne godkjennast. Komiteen meiner at dette vil vege opp for ulempa ved at det endelege resultatet blir klart litt seinare. Komiteen meiner også det kan vere grunn til å vurdere om ein bør

justere avgivingsfristen for førehandsrøystegivinga noko, til dømes frå fredag til torsdag før valldagen. Komiteen uttaler at sjølv om etter måten mange veljarar ser ut til å ha behov for å førehandsrøyste nær valldagen, meiner komiteen det er grunn til å legge betydeleg vekt på at røyster som faktisk er levert, kjem fram i tide.

Høyringsnotatet

Departementet peikte i høyringsnotatet på at spørsmåla om når førehandsrøystegivinga bør avsluttast, og når førehandsrøystegivingane må vere valstyret i hende for å kunne godkjennast, vart drøfta i Ot.prp. nr. 45 (2001–2002) om ny vallov.

I den nemnde proposisjonen uttaler departementet at det meiner det er fornuftig å sjå i samanheng spørsmåla om avslutningstidspunktet for førehandsrøystegivinga og tidspunktet for når røystegivingane skal ha nådd valstyret for å kunne godkjennast. Det er for det første ønskjeleg at førehandsrøystegivinga skal vere eit best mogleg tilbod til veljarane. For det andre er det ønskjeleg med eit raskt valresultat. I tillegg blir det sagt at om røystegivingar som er leverte innanfor dei lovfastsatte og kunngjorde fristane innanlands, vil bli talde med i oppgjeret eller ikkje, vil vere viktig for den tilliten veljarane har til valsystemet. Departementet uttaler at det er ei rimeleg forventning hos veljarane at røystegivingar som er leverte innanriks og innanfor dei offisielle tidsfristane, blir rekna med i valoppgjeret. Noko annleis stiller dette seg når det gjeld førehandsrøystegiving utanriks, sidan avstandar og tidsskilnader kan vere slik at berre veljaren sjølv vil ha kunnskap om kor lang tid det vil ta for røystegivinga å nå fram til valstyret.

Ved valet i 2005 kom ein del førehandsrøyster for seint fram, og dei vart derfor forkasta. I høyringsnotatet gav departementet uttrykk for at dette tilseier at det er behov for å endre reglane på dette området. Det vart likevel uttalt at høvet for veljarane til å førehandsrøyste ikkje bør avgrensast meir enn det som er nødvendig for at røystegivingane skal komme fram i tide.

Departementet sa at det har fått tilbakemeldingar om at det i ein del tilfelle tok fleire dagar å sende ei røyst frå ein kommune til ein annan. I høyingsnotatet skreiv departementet derfor at det før neste val vil ta kontakt med Posten for å sjå på om det er noko ein kan gjere for at førehandsrøystegivingane kjem raskare fram.

Når må førehandsrøystegivingane ha komme fram for å kunne godkjennast?

I høyingsnotatet føreslo departementet enkelte endringar i regelverket for å sikre at dei aller fleste førehandsrøystegivingane kjem fram tidsnok til å kunne godkjennast. Departementet sa derfor i høyingsnotatet at ein bør endre fristen for når førehandsrøystegivingane må ha komme fram til valstyret for å kunne godkjennast. Departementet nemnde at det å endre fristen frå kl. 20 valdagen mandag til tysdag kl. 20 vil kunne resultere i at fleire røyster kjem fram i tide. Ei slik lovendring vil føre til at det endelege valresultatet blir ferdig ein dag seinare. Resultatet av den førebelse oppteljinga – som vi stort sett får vite valkvelden eller valnatta – vil likevel ikkje bli forseinka. Den endelege oppteljinga av valtingsrøystene vil heller ikkje bli forseinka. Det vil berre vere oppteljinga av ei mindre mengd med førehandsrøyster som vil måtte utsetjast til tysdag kveld.

Kor lenges skal førehandsrøystegivinga kunne gå føre seg innanriks?

I høyingsnotatet spurde departementet om det i tillegg er behov for å avslutte førehandsrøystegivinga noko tidlegare for å sikre at førehandsrøystegivingane kjem fram i tide. Departementet uttrykte at det deler oppfatninga til Stortingets fullmaktskomité om at utgangspunktet må vere at veljarane som førehandsrøystar på eit lovleg tidspunkt, skal vite at førehandsrøystegivinga deira kjem tidsnok fram. Departementet meinte at det bør leggjast større vekt på å auke sannsynet for at røystegivingane til veljarane kjem tidsnok fram, enn at førehandsrøysteperioden – som varer heilt frå 10. august – blir redusert med éin dag. Ei slik forkorting av førehandsrøystegivingsperioden bør ikkje vere problematisk for veljarane, sjølv om mange ventar til siste dagen med å førehandsrøyste for å få med seg (nesten heile) innspurten av valkampen. Kor mykje ein bør forkorte førehandsrøysteperioden, må vurderast ulikt avhengig av om det er snakk om førehandsrøystegiving innanriks eller utanriks. Departementet gjekk i høy-

ringsnotatet ut frå at saman med dei andre føre-slätte tiltaka burde det vere nok å avslutte førehandsrøystegivinga éin dag tidlegare innanriks.

Forskrift om framsending av førehandsrøystegivingar

Sjølv om det ikkje er direkte regulert i vallova at røystegivingane skal sendast fram på den snøggaste trygge måten, meiner departementet at lovgivinga byggjer på at førehandsrøystegivingane skal sendast fram på normal raskt måte. I høyingsnotatet uttalte departementet at det ser det slik at dette inneber at postsendingane skal gå som A-post med mindre anna er fastsett i lov eller forskrift. Departementet uttalte at det likevel vil kunne vere fornuftig å forskriftsfeste dette.

4.1.3 Høyingsinstansane

Når må førehandsrøystegivingane ha komme fram for å kunne godkjennast?

Forslaget frå departementet om å forskyve fristen med eitt døgn til tysdag etter valdagen kl. 20, møter mykje motbør. Eit klart fleirtal av dei høyingsinstansane som uttaler seg om forslaget, går imot det. Eit mindretal sluttar seg likevel til forslaget eller har ingen merknader.

Sula kommune uttaler dette:

«Tida omkring eit val er ein svært hektisk og stressande periode for oss valarbeidarane i kommunane, med valarbeidet i tillegg til vårt ordinære arbeid. Både vi, teljekorpsa og valstyret må vere til stades mandag kveld etter at vallokala stengjer for å ta seg av oppteljingsarbeidet. Særleg ved eit kommuneval med stikking av lister, kan dette ta heile natt til tysdag. Dersom vi skal vente på førehandsstemmer heilt til tysdag kveld kl. 20.00 (det har aldri kome ei einaste stemme inn til valstyra utanom ordinær postgang som kjem på føremiddagen), må dei valansvarlege og valstyret arbeide utsøver tysdagskvelden. Dei siste stemmene skal teljast opp og stikkast før eit valoppgjer kan køyrrast og protokollen gjerast ferdig. Dette kan ta si tid og er ei ekstra belastning for dei som deltar. Valstyret er privatpersonar i arbeid, og det seier seg sjølv at dersom du skal vere på valarbeid om natta, så maktar du ikkje ditt ordinære arbeid dagen etter. Departementet sitt forslag inneber difor ei ste[r]kt auka arbeidsbelastning både på kommunalt tilsette og politikarar og ekstra kostnad for kommunane i form av overtid, møtegodtgjersle og tapt arbeidsforte-neste for valstyret.»

Gulen kommune seier at innføring av krav om sending av førehandsrøystegivingane som A-post bør vere godt nok.

Også *Fylkesmannen i Vestfold* ønskjer å halde på fristen for når førehandsrøystegivinga må vere valstyret i hende, men seier at det må presiserast nærmere korleis sending av førehandsrøystegivingane skal gå føre seg.

Asker kommune går også imot forslaget fra departementet i høyingsnotatet. Kommunen meiner for det første at det er grunn til å stille spørsmål ved nytten av tidspunktet for når førehandsrøystegivingane må vere mottekne (kl. 20.00). Det blir peikt på at postleveransane til kommunen skjer på dagtid, og at det derfor verkar unødvendig å måtte vente til kl. 20.00 før ein kan ta eit endeleg oppgjer. Kommunen uttaler også at alle røystegivingane som kom for seint fram, var sende som B-post.

Ålesund kommune meiner at den einaste grunnen til at ein del førehandsrøystegivingar kom for seint fram, var slurv frå kommunane som sende frå seg røystegivingane. Kommunen uttaler at felles for alle dei mottekne røystegivingane var at dei var sende som B-post, somme til og med posttempla så seint som måndagen. Også ein del andre kommunar seier at dei røystegivingane som kom for seint, vart sende med B-post.

Slik kommunen ser det, er gjeldande fristar gode nok så sant rutinane i kommunane tek omsyn til fristane og avtaler med det lokale postkontoret om henting og levering.

Lillehammer kommune støttar heller ikkje forslaget fra departementet om å forskyve fristen for når førehandsrøystegivinga må ha komme inn til valstyret. I samband med dette skriv kommunen:

«Med forslag som framsatt fra departementet med frist tirsdag innen kl. 20, vil dette føre til en forlengelse av når endelig telling kan være ferdig, da alle stemmer må telles elektronisk for å få valgprotokollen korrekt. Mannskap, som i utgangspunktet er hardt presset, må komme tilbake for å telle de siste stemmene, og det endelige valgresultatet vil ikke bli ferdig før etter kl. 20 tirsdag kveld. Valgstyret skal deretter godkjenne valgprotokollen. Dette vil være et tilbakeskritt. Spesielt kan dette få konsekvenser ved kommunevalg, der noen få stemmer kan være avgjørende for det endelige resultatet og mandatfordelingen.»

Mange kommuner har også et samarbeid med fylkeskommunene, noe Lillehammer hadde ved forrige valg, og den foreslalte endringen vil forsinke denne tellingen betydelig.

En ev. endring må vurderes opp mot de få stemmene som kommer etter valgdagen, informasjonsrutiner/forskrift og den ulempen det

vil være for kommunen som administrator, tilrettelegger og gjennomføring av valg.»

Mange høyingsinstansar har ingen merknader eller sluttar seg til forslaget frå departementet i høyingsnotatet utan å kommentere det spesielt. Dette gjeld mellom anna *Oppgård, Karmøy og Sandefjord kommunar*.

Korlenga skal førehandsrøystegivinga kunne gå føre seg innanriks?

Eit klart fleirtal av høyingsinstansane sluttar seg til forslaget frå departementet om å avslutte førehandsrøystegivinga innanriks torsdag før valdagen, det vil seie éin dag tidlegare enn i dag. Det er likevel mange høyingsinstansar som meiner at vi bør halde fast på fristen vi har i dag.

Jevnaker kommune støttar forslaget om å avslutte førehandsrøystegivinga innanriks siste torsdag før valdagen. Kommunen peiker likevel på det at det har vore mogleg å førehandsrøyste til og med siste fredag før valet, er ein praksis som mange av veljarane i kommunen har vore vane med gjennom mange val. Det blir understreka at ut frå erfaringar ein har gjort, tek det lang tid å innarbeide nye rutinar. Kommunen meiner derfor at det er stor fare for at mange vil komme fredag før valdagen for å røyste.

Det typiske for dei høyingsfråsegnene som støttar forslaget frå departementet i høyingsnotatet, er at dei anten sluttar seg til forslaget utan nærmare kommentar, eller at dei støttar forslaget fordi det vil føre til at fleire førehandsrøystegivingar kjem fram til heimkommunen til veljaren i tide til å kunne godkjennast. Dette gjeld mellom andre *Vardø, Hemne, Sunndal og Malvik kommune*.

Sjølv om fleirtalet av høyingsinstansane sluttar seg til forslaget frå departementet i høyingsnotatet, er det mange som legg fram gode argument for ikkje å forkorte med éin dag perioden for når det er mogleg å førehandsrøyste.

Gulen kommune støttar ikkje forslaget frå departementet og seier at innføring av krav om å sende førehandsrøystegivingane som A-post bør vere nok til å sikre at færrest mogleg røystegivingar blir forkasta fordi dei kjem for seint fram.

Heller ikkje *Hamar kommune* støttar forslaget frå departementet. Kommunen skriv dette:

«Hamar mottok 4372 forhåndsstemmer ved valget i 2005. Av disse ble 896 (20 %) avlagt siste fredag før valget. 80 % av disse var manntalsført i Hamar. 6 stemmer (0,16 %) ble forkastet med begrunnelse «for sent innkommet» innen protokollen ble undertegnet onsdag morgen. Ingen av disse var utenriks stemmegivninger.

Hamar kommune opplever at stadig flere ønsker å avgjøre forhåndsstemme og at velgerne ønsker å stemme så tett opptil valget som mulig. Ut i fra det store antall forhåndsstemmer er det svært få som kommer inn for sent. Det er en risiko for at man ved å avslutte perioden for forhåndsstemmegivning tidligere, mister flere stemmegivninger enn vi må forkaste på grunn av postgang.

[...] Det må videre sikres at kommunene har rutiner som sikrer at stemmegivningen sendes på hurtigst mulig måte.»

Oslo kommune uttaler dette:

«Oslo kommune støtter ikke departementets forslag om å endre siste frist for avgivelse av forhåndsstemme innenriks til siste torsdag før valgdagen, fordi det er vanskelig å nå frem til velgerne med informasjon om endringer av frister som påvirker velgernes mulighet til å avgjøre stemme. I Oslo ble det avgitt ca 10 000 forhåndsstemmer i Oslo siste fredag før valgdagen i 2005.»

Røyrvik kommune foreslår at det bør være mogleg å forehandsrøyste på fredag med ei opningstid slik at røyster som skal sendast ut av kommunen, kan gå med ordinær post fredag.

Lillehammer kommune seier dette:

«Med det store antall avgjorte stemmer siste uka, og ikke minst siste fredag før valgdagen, vil det være mange velgere som kommer til lukket dør, dersom forslaget fra departementet får gjennomslag. Det vil heller ikke være det beste etter valglovens formål, om å legge forholdene til rette for borgerne slik at de kan velge sine representanter. Med bakgrunn i de få stemmene som kommer etter valgdagen, vil en miste flere stemmer ved å stenge forhåndsstemmingen allerede torsdag, selv om det for kommunens arbeidsbelastning ville være en fordel. Her vil det være hensyn til velgeren som må telle.»

Forskrift om framsending av forehandsrøystegivingar

Jevnaker kommune uttaler at det bør takast inn ei føresegen i forskrifta om at forehandsrøystene skal sendast på den raskaste trygge måten. Også andre høyningsinstansar uttaler at det bør stå i forskrifta at forehandsrøystegivingane bør sendast som A-post/på den raskaste trygge måten. Dette gjeld mellom andre *Hamar og Gulen kommunar*.

4.1.4 Merknader frå departementet

Spørsmåla om avslutningstidspunkt for forehandsrøystegivinga og tidspunktet for når røystegivin-

gane må ha komme fram til valstyret for å kunne godkjennast, bør sjåast i samanheng – slik det vart peikt på i høyningsnotatet.

Dei innvendingane som har komme i høyningsrunden, mellom anna at dei føreslalte endringane vil føre til auka belastning for valfunksjonærane og gjere valet mindre tilgjengeleg for veljarane, er moment som også kom fram i høyningsnotatet. Somme høyningsinstansar understrekar likevel at så å seie alle dei førehandsrøystegivingane som kom for seint fram til å kunne godkjennast, vart sende med B-post. I og med at B-post normalt tek frå tre til fem dagar, vil det vere svært sannsynleg at førehandsrøystegivingar som blir sende i slutten av førehandsrøysteperioden, vil komme for seint fram. Dette er eit forhold som bør ha stor vekt, slik departementet ser det. Det er fordi det trass alt knyter seg betydelege ulemper til å forkorte førehandsrøysteperioden og/eller forlengje fristen for når førehandsrøystegivingane må ha komme fram for å kunne godkjennast. Ut frå dei tilbakemeldingane som har komme i høyringa, er det mykje som tyder på at talet på forkasta førehandsrøystegivingar vil bli redusert mykje dersom alle røystegivingane blir sende med A-post. Departementet finn grunn til å understreke at høvet veljarane har til å forehandsrøyste, ikkje bør avgrensast meir enn det som er nødvendig for at førehandsrøystegivingane skal komme fram i tide til å kunne godkjennast. Departementet legg her vekt på at det å forkorte førehandsrøysteperioden vil auke risikoene for at fleire veljarar ikkje får røysta. Dette vil vere ein svært reell risiko da det vil vere svært vanskeleg å nå ut med informasjon om endringane i regelverket til alle veljarane. Det er også viktig å ikkje endre reglane slik at det fører til ei ekstrabelastning for valmedarbeidarane, dersom det ikkje er eit reelt behov for det, sidan dette vil auke faren for at det vil kunne oppstå feil i oppteljinga.

Departementet har på bakgrunn av dette komme til at det i denne omgangen verken bør skje ein reduksjon i førehandsrøysteperioden eller ei utviding av fristen for når førehandsrøystegivingane må ha komme fram til valstyret for å kunne godkjennast. I staden bør det stå i forskrifta at alle førehandsrøystegivingane skal sendast som A-post. I tillegg vil departementet ta kontakt med Posten føre valet i 2007 og be om ei oversikt over på kva for poststrekningar det kan vere problematisk å få førehandsrøystegivingar som er gitt på fredag, fram til heimkommunen til veljaren innan valdagen måndag. Denne oversikta vil bli distribuert til kommunane, slik at dei om nødvendig kan sende røystegivingane som ekspresspost. Saman med gode rutinar for røystemottaket og framsen-

dinga av røystegivingane bør dette tiltaket føre til ein betydeleg reduksjon i talet på røystegivingar som kjem for seint fram til å kunne godkjennast.

4.2 Om elektronisk oppteljing av røystesetlar

4.2.1 Gjeldande rett

Valstyret i kommunen er etter vallova § 10-4 ansvarleg for å telje opp røystesetlar både ved stortingsval og lokalval. Oppteljinga skal skje ved ei førebels og ei endeleg oppteljing.

Valstyret mottek fortløpande førehandsrøyster. Førebels oppteljing av førehandsrøyster skal starte seinast fire timer før alle vallokala i kommunen er stengde, jf. § 10-5. Oppteljinga kan ikkje starte før valdagen måndag.

Førebels oppteljing av valtingsrøyster skal starte så snart røystegivinga valdagen måndag er avslutta. Oppteljinga kan gjerast ute i røystelokala, eller røystesetlane skal fraktast til valstyret for oppteljing sentralt. Røystesetlar det er tvil om skal godkjennast, skal haldast utanfor den førebelse oppteljinga som skjer valkvelden. Desse røystegivingane skal valstyret gjennomgå, og eventuelle godkjende røystesetlar skal takast med i den endelege oppteljinga.

Endeleg oppteljing av både førehands- og valtingsrøyster skal takast med ein gong etter den førebelse oppteljinga og skal alltid skje under tilsyn frå valstyret, jf. § 10-6.

Ved stortings- og fylkestingsval skal røystesetlar sendast vidare til fylkesvalstyret for kontroll og ny teljing, jf. vallova § 10-9. Ved stortingsval er det Stortinget som står for den formelle godkjeninga av valet. Ved fylkestingsval skal fylkestinget ta stilling til om valet er gyldig. Ved kommunestyreval er det kommunen sjølv som kontrollerer og godkjener valet.

Prinsippa for oppteljing av røystesetlar er fastsette i vallova § 10-4. Lova har ikkje bestemte krav til verken manuell eller elektronisk teljing av røystesetlar. Lova krev at røystesetlane til kvart val skal teljast for seg, at førehands- og valtingsrøyster skal haldast skilde ved oppteljinga, og at oppteljinga skal skje i to omgangar: ved ei førebels og ei endeleg oppteljing.

Valresultat skal ikkje på nokon måte offentleg gjerast før valdagen måndag kl. 20, jf. vallova § 9-9.

4.2.2 Høyningsnotatet

Nærmore om problemstillinga

I dei fleste kommunane skjer den første førebelse oppteljinga ved manuell teljing av røystesetlar. Ein

del kommunar har etter kvart gått over til optisk teljing (skanning) av røystesetlar ved andre gongs eller endeleg oppteljing. Det er likevel også nokre større kommunar som tek både førebels og endeleg oppteljing av førehandsrøyster ved hjelp av optiske lesarar. Dette vil seie at ei ikkje ubetydeleg mengd med røystesetlar som er motteke på førehand, berre blir talde optisk (elektronisk). Så vidt vi kjenner til, er det også minst éin kommune som tek optisk teljing ved både den førebelse og den endelege oppteljinga av valtingsrøyster.

Den endelege oppteljinga skjer normalt i kvar enkelt kommune, men kan i ein del tilfelle fysisk skje hos fylkesvalstyret eller i ein annan kommune, men under tilsyn av valstyret i vedkommande kommune. Dette har mellom anna samanheng med at datautstyr er dyrt, og at fleire går saman om å bruke det same utstyret.

Bruk av skannarløysingar ved oppteljing av røystesetlar er viktig for å få klart oppteljingsresultatet så snoegt som råd. Skanning blir vurdert som mindre arbeidskrevjande enn manuell teljing. Særlig gjeld dette i kommunar som har mange røystesetlar som skal teljast. Det blir også argumentert med at optisk teljing gir eit meir korrekt oppteljingsresultat. Det er likevel ikkje gjennomført nokon nærmare analyse av dette.

I høyningsnotatet diskuterte departementet om bruk av ulike dataløysingar ved oppteljing av røystesetlar gir god nok sikkerheit for korrekt oppteljingsresultat. Spørsmålet er om dei skannarane kommunane bruker ved oppteljing, tel røystesetlane på ein korrekt måte. Det kan dreie seg om spørsmål om alle røystesetlar faktisk blir registrerte av skannaren, om skannaren tel korrekt, om han registrerer rett liste, osv. Det er dei lokale valmyndighetene som er ansvarlege for å sørge for at dei datasistema dei ønsker å bruke ved gjennomføringa av valet, er korrekte. I høyningsnotatet gav departementet uttrykk for ein viss tvil om kommunane sjølv tok nødvendige kontrollar av datasystem som blir nytta ved administrativ gjennomføring av val, og av skannarar som tel opp røystesetlar.

Om veging av røystesetlar

I høyningsnotatet tok departementet opp spørsmålet om praksisen med veging av røystesetlar ved førebels oppteljing. I nokre kommunar blir røystesetlar ved første gongs oppteljing ikkje talde opp, men vegne på vekt. Ein tilsvarande framgangsmåte vart ved valet i 2005 nytta av minst éin fylkeskommune ved kontrollteljing. Ved ein slik framgangsmåte får ein registrert vekta til ein enkelt offisiell røystesetel. Røystesetlane blir vegne bunkevis.

Vallova § 10-4 fastset prinsipp for oppteljing av røystesetlar. Det er inga føresegn som konkret set forbod mot veging av setlar. Men slik lova er forma, meiner departementet at det må vere ein klar føresetnad at røystesetlane skal *teljast*. Det å vege røystesetlar kan ikkje kallast teljing, fordi kvar enkelt røystesetel faktisk ikkje blir tald opp individuelt. Veging av røystesetlar er, uavhengig av om det blir gjort ved den førebelse eller den endelege oppteljinga i kommunane eller ved kontrollteljinga i fylkeskommunen, er i strid med lova slik departementet vurderer det.

Det blir av somme hevd at veging av røystesetlar gir eit svært korrekt resultat. Men departementet ser det likevel slik at denne måten å «telje» røystesetlar på har sine klart veike sider. Veljarane er ikkje forplikta etter lova til å bruke dei røystesetlane valmyndigkeitene har trykt opp, dei kan til dømes nytte setlar etter utskrift frå Internett eller setlar som det har fått tilsendt frå forslagsstillerar. Slike setlar må bytast ut og erstattast med offisielle setlar med «rett vekt» dersom dei skal vegast saman med dei andre setlane. Ei slik utskifting krev i seg sjølv at ein er svært nøyaktig, og det kan oppstå feil. Dersom valmyndigkeitene til dømes må trykkje opp nye røystesetlar og desse av ein eller annan grunn får ei anna vekt enn dei opphavlege setlane utan at valmyndigkeitene er merksame på dette, vil ei veging av setlar gi feil resultat.

Departementet meinte derfor at det ikkje var grunnlag for å føreslå endringar i lovverket med omsyn til å tillate slik veging av røystesetlar.

Krav til manuell førebels oppteljing

I høyringsnotatet peikte departementet på at krevet til manuell førebels oppteljing av røystesetlar bør diskuterast uavhengig av om det eventuelt ein gong i framtida blir innført ei godkjenningsordning for skannarar.

Det vart vist til at ulike edb-tekniske system, som til dømes skannarløysingar, fungerer på ulike måtar, og det er feilkjelder også ved optisk teljing av røystesetlar. Det krevst gode rutinar for å handtere oppteljinga ved til dømes skannar-stopp og utbyting av røystesetlar. Ved skanning av setlar er det vanleg å byte ut enkelte røystesetlar som skannaren ikkje kan lese. Dette produserer ei feilkjelde ved at feil setlar kan bli bytte. Ved manuell teljing er det ikkje nødvendig å byte ut røystesetlar. Dei røystesetlane som blir talde, er dei som faktisk er leverte.

Det vart peikt på at eit system for manuell oppteljing heller ikkje fungerer feilfritt. Ein kan derfor

spørje om kva for ein oppteljingsmåte som gir det mest korrekte resultatet.

Av omsyn til å sikre eit mest mogleg korrekt oppteljingsresultat og av omsyn til tillit hos veljarane til at det faktisk er tilfellet, meinte departementet det i utgangspunktet bør gjennomførast minst éi manuell oppteljing av røystesetlar. Dersom ein optisk lesar til dømes har ein eller annan feil i programvara, vil ikkje resultatet av oppteljinga bli meir korrekt ved at det blir talt elektronisk to gonger. Resultatet frå den manuelle oppteljinga vil fungere som ein kontroll for den endelege elektroniske oppteljinga. For store avvik gir grunn til ytterlegare kontroll.

Manuell oppteljing er meir tidkrevjande enn ei elektronisk oppteljing. Departementet meinte likevel at det måtte leggjast større vekt på omsynet til eit korrekt oppteljingsresultat. Til samanlikning vart det vist til at vallovgivinga i Sverige ikkje opnar for noka form for elektronisk oppteljing av røystesetlar. Også i Sverige skal det vere minst to oppteljingar, begge ved manuell oppteljing av røystesetlane.

Ein kan hevde at den beste måten å sikre korrekt oppteljing på, er å bruke to uavhengige oppteljingsmetodar, slik tilfellet er ved ei manuell og ei elektronisk teljing. Spørsmålet er om det alternativt kan nyttast to ulike skannarløysingar (med ulik programvare) ved førebels og endeleg oppteljing, utan noka manuell teljing av røystesetlane. Departementet gjekk ut frå at å bruke to ulike elektroniske oppteljingssystem vil kunne vere ein like sikker måte å få oppteljinga korrekt på som dersom den eine oppteljinga er manuell. Departementet meinte derfor at det som eit alternativ til å bruke manuell oppteljing ved den førebelse oppteljinga og elektronisk oppteljing ved den endelege oppteljinga, burde kunne nyttast elektronisk oppteljing ved både den førebelse og den endelege oppteljinga. Føresetnaden er da at ein nyttar ulike system (program) ved dei to oppteljingane.

Manuell kontrollteljing ved avvik

Problem kjem ved avvik. Det følgjer av det ansvaret valstyret har for eit korrekt resultat, at for store avvik mellom den førebelse og den endelege oppteljinga vil føre til at det må gjennomførast ei ny kontrollteljing. Departementet føreslo derfor at det i dei tilfella der det blir gjennomført ei ny kontrollteljing fordi det er avvik mellom den førebelse og den endelege oppteljinga, skal omteljinga vere manuell, i motsetning til i dag der det ikkje er regulert korleis omteljinga skal gå føre seg.

Oppteljing av røystesetlar søndag

Som ei følgje av forslaget om krav til minst éi manuell oppteljing foreslo departementet i høyringsnotatet at førebels oppteljing av førehandsrøystene kan starte søndag før valldagen. Bakgrunnen var at dersom den førebelse oppteljinga skal skje ved manuell oppteljing, vil dette kunne føre til at resultatet av den førebelse oppteljinga av førehandsrøystene blir noko forseinka.

Departementet viste likevel til at ein kan peike på prinsipielle innvendingar ved å tillate oppteljing av røystesetlar alt søndag. Delar av oppteljingsresultatet vil da ligge føre tidlegare enn det som er vanleg i dag, noko som vil kunne auke faren for offentleggjering og lekkasjar.

4.2.3 Høyningsinstansane

Om bruk av elektronisk utstyr ved oppteljinga

Fleire av kommunane og fylkeskommunane gjer i høyningsfråsegne sine greie for rutinar rundt bruken av valsystem og elektroniske skannarar. *Hamar kommune* uttaler:

«Hamar kommune har benyttet elektronisk telling ved de siste to valgene og har positive erfaringer med dette. I 2005 hadde vi interkommunalt samarbeid om opptellingen, og foretok fintelling for kommunene Løten, Stange og Ringsaker, samt Hedmark Fylkeskommune, under tilsyn av de respektive valgstyrer. Hamar kommune teller forhåndsstemmene elektronisk både ved første gangs telling (grovteiling) og fintelling. Valgtingsstemmene grovtelles manuelt hos stemmestyrrene. Dette gjøres manuelt da sentralisert elektronisk oppteljing vil forsinke innrapportering av resultatet. Elektronisk telling hos det enkelte stemmestyre vil være kostnadskrevende og stille store krav til opplæring og utstyr. Fintellingen skjer elektronisk.

Elektronisk oppteljing og valgoppkjør stilte endrede krav til valgmedarbeiderne og det er viktig at man har ansvarlige med god kompetanse mht til bruken av systemet, forståelse for hvordan valgsystemet fungerer, og om sammenhengen mellom de ulike delene av valgsystemet og den praktiske gjennomføringen av valget. Selve betjeningen av skannerstasjonar og verifisering av stemmesedlene er imidlertid ikke spesielt komplisert.

Skanneren og det elektroniske tellesystemet testes grundig av kommunen før bruk, både i forbindelse med opplæring og ved gjennomføring av prøvevalg. Vi legger mye arbeid i opplæring og tilrettelegging av sikre rutiner. Antall personer som er involvert i tellingen og

muligheten for menneskelige feil er betydelig redusert i forhold til manuell oppteljing.

Antall stemmesedler og fordeling på partier (i tillegg til blanke og forkastede stemmegivninger/stemmesedler) skal sjekkes opp mot avgitte stemmegivninger. Eventuelle tellefeil vil derfor enkelt avdekkes. Ved avvik mellom grovtelling og fintelling blir det alltid skannet flere ganger slik at vi er trygge på at det resultatet vi oppgir er korrekt.

Elektronisk oppteljing er uovertruffen når det gjelder registrering på parti. Vår erfaring er at det ved manuell telling alltid er noen sedler som er lagt i feil partibunke. Slike feil er ikke alltid lett å avdekke ved manuell telling, som gjerne foregår om natten og under stort tidspress.»

Asker kommune skriv at det i framkant av oppteljinga har

«vært jobbet intenst med å utarbeide gode og sikre rutiner, grundig opplæring av valgfunksjonærer, grundig testing av systemer (fullskalatester). Dette har medført at vi har hatt god kontroll - og en bedre oversikt enn tidligere. Vår erfaring er at ved etablering/bruk av gode og trygge rutiner - samt riktig programvare - har valgoppkjøret blitt klart tidligere - men det viktigste er at resultatet uten tvil har blitt mye mer nøyaktig. Tidligere erfaring har vist oss at feilkildene ved manuell telling var mye mer fremtredende enn ved maskinell telling.»

Vefsn kommune uttaler:

«Valgstyret har overvåket den optiske oppteljing bedre enn den manuelle oppteljinga her hos oss. Dette fordi vi har hatt foreløpig manuell oppteljing ute i de største kretsene hos stemmestyrrene. Når vi har hatt optisk oppteljing så har vi forsikret oss om at utstyret var bra, og vi har talt opp sedlene på forhånd slik at vi vet at scanneren talte riktig, og vi har brukt tid på å lage gode rutiner rundt oppteljing og verifisering av slengere og kumuleringer.»

Om veging av røystesetlar

Dei fleste som uttaler seg, er samde med departementet i at førebels oppteljing av røystesetlar ikkje kan gå føre seg ved veging.

Bømlo kommune seier likevel:

«Det er ingen tvil om at både veging av røystesetlar og maskinell teljing er meir nøyaktige enn manuell teljing. Krav om manuell teljing ved den førebels oppteljinga («grovteiling») er etter mi meinig lite føremålstenleg. Signala frå det nasjonale politiske miljøet når det gjeld grovtellinga har gjennom mange år vore eintydig: Raskt resultat er langt viktigare enn at tala

er 100% korrekte. Veging av røystesetlar bør derfor vera ein aktuell teljemåte ved den førebels oppteljinga. Eg gjer merksam på at det som her er skrive gjeld fordelinga på parti.»

Manuell førebels oppteljing

Dei fleste av høyningsinstansane som uttaler seg om kravet til manuell oppteljing, støttar ikkje forslaget frå departementet om at den førebelse oppteljinga skal skje manuelt.

Fleire høyningsinstansar peiker på at ei lovfesting for dei fleste kommunane berre vil seie ei lovfesting av den praksisen dei følgjer. *Hordaland fylkeskommune* uttaler dette:

«Det er fylkesrådmannen si oppfatning at førebels oppteljing i dei fleste kommunane skjer ute i vallokala manuelt. Det er truleg svært få som fraktar røystesetlane til eit felles lokale for elektronisk teljing. Forslaget om at den førebelse oppteljinga skal vera manuell vil difor for dei fleste vera lovfesting av praksis.»

Tromsø kommune meiner at optisk teljing av røystesetlar skal vere tillaten både ved den førebelse og den endelege oppteljinga, og seier:

«Erfaringsmessig er det i forbindelse med sorteringen på parti at det hyppigst forekommer feil når opptellingen skjer manuelt eller ved veining. Ved optisk telling (skanning) hvor partidentiteten står som strekkode er denne feilkilden eliminert.»

Råde kommune skriv:

«Optisk lesing og scanning brukas i stadig flere kommuner. For å kunne gjennomføre valgoppkjøret raskt og effektivt, kostnadsbesparende og ikke minst sikkert mener vi det bør være mulig å telle elektronisk, både ved foreløpig opptelling og ved endelig opptelling, også uten at det må brukas 2 system.»

Når det gjeld spørsmålet om å bruke to uavhengige elektroniske oppteljingssystem, er dei fleste som uttaler seg, negative til dette. *Buskerud fylkeskommune* peiker på at eit lite miljø som det vi har i Noreg, ikkje gir realistisk grunnlag for tilstrekkeleg konkurranse når det gjeld kjøp av utstyr for skanning av røystesetlar. Fleire peiker også på at bruk at to system sannsynlegvis vil vere nokså urealistisk på grunn av kostnadene.

Somme av dei som uttaler seg positivt til kravet om manuell førebels oppteljing, peiker på at dei sjølv ikkje nyttar elektroniske skannarar til oppteljinga.

Manuell kontrollteljing ved avvik

Buskerud fylkeskommune støttar ikkje forslaget frå departementet om manuell kontrollteljing ved avvik mellom det førebelse og det endelege resultatet. Fylkeskommunen uttaler seg slik:

«En manuell fintelling betyr at også personrettinger og registreringer av slengere må gjøres manuelt. Det vil være et stort tilbakeskrift for de kommuner som i dag benytter elektroniske systemer til dette, og antas å føre til forsinkelser av valgoppkjøret. Departementet bes i stedet sørge for at det utarbeides gode rutiner, veiledninger og opplæringsprogram for kommunene ved bruk av elektroniske valgsystemer og -programmer. Kommunene må også selv sørge for gode rutiner som sikrer et mest mulig korrekt valg.»

Tromsø kommune skriv:

«Måten kontrolltellingen skjer på ved avvik mellom den foreløpige opptelling og endelig opptelling må være uvesentlig, bare avvikene avdekkes og lar seg forklare. Å kunne starte opptellingen av forhåndsstemmene tidligere ser en på som positivt og vil medvirke til mindre stress i en fra før hektisk valginnspurt.»

Oppgård kommune støttar ikkje forslaget om manuell kontrollteljing. Kommunen meiner at det avgjerande – og det som må kvalitetssikrast – må vere kvaliteten på det elektroniske utstyret og programvara.

Råde kommune uttaler:

«Valgstyret har det fulle ansvar for en forsvarlig opptelling, og ved eventuelt avvik velger valgstyret selv om det skal telles manuelt eller elektronisk.»

Trondheim kommune seier dette:

«Om en manuell behandling gir bedre sikkerhet for resultat kan diskuteres, spesielt i en kommune som Trondheim der antallet sedler som skal telles er stort. Ingen opptellingsmetode vil kunne anses som feilfri. Det bør stilles strenge krav til godkjenning av tellesystemer, slik at disse er grundig utprøvd av uavhengige instans før de slippes løs på markedet. Maskinell telling, forutsatt at det har gjennomgått en kontroll som nevnt, anses som mer pålitelig enn manuell telling. Maskinell telling handler ikke først og fremst om et raskere telleresultat, men om et sikrere resultat.»

Oppteljing søndag

Dei fleste av dei som uttaler seg, er samd med departementet i at oppteljing av førehandsrøyster

bør kunne starte alt søndag. *Sula kommune* meiner at dersom ein først opnar for oppteljing søndag, bør det kunne vere like greitt å starte oppteljinga alt laurdag.

Somme kommunar støttar ikkje forslaget. *Jevnaker kommune* meiner at det ikkje bør vere høve til å starte oppteljinga alt søndag:

«Dette for å unngå mulighetene for evt. «lekkasjer» i forhold til det foreløpige opptellingsresultatet.» Kommunen viser til at oppteljinga skal starte tidleg måndag morgen, noko som for dei fleste kommunane gir rikeleg tid til teljing.

Sørums kommune støttar heller ikkje forslaget.

«Hensynet til sikkerheten mot bevisste eller ubevisste lekkasjer, som vil kunne bidra til å påvirke valgresultatet, ved at mange er kjent med de foreløpige resultatene av forhåndsstemmegivningen bør telle langt sterkere enn hensynet til å få ferdig valgresultatet svært tidlig. Faren for lekkasjer øker jo lengre tid noen sitter på en slik hemmelighet. Noen slik lovendring bør ikke vedtas.»

4.2.4 Vurderinga til departementet

Ansvaret for korrekt opptellingsresultat ligg hos valstyret i kvar enkelt kommune. Fylkesvalstyret i fylkeskommunen skal i tillegg ved val til storting og fylkesting kontrollere og eventuelt korrigere opptellingsresultatet som ein har komme fram til i kommunane i fylket. Departementet vil understreke at det er kvar kommune, ikkje eventuelle dataleverandørar, som er ansvarleg for eit korrekt opptellingsresultat. I dette ansvaret ligg også at kommunen, dersom elektroniske system blir nytta, må sørge for at desse fungerer korrekt, og at kommunen har tilstrekkeleg og god nok kompetanse til å handtere systemet. Dette inneber mellom anna å sørge for tilstrekkeleg opplæring og at det blir etablert gode rutinar for opplæring. Ansvaret kan ikkje overførast til andre.

Eit eventuelt krav til manuell oppteljing er ikkje eit spørsmål om det skal nyttast datasystem ved gjennomføring av val og oppteljing av røystesetlar. Slike system lettar arbeidet med den administrative gjennomføringa og kan føre til at valresultatet blir meir nøyaktig. Spørsmålet er om kontrollen vi har i dag av system som blir nytta, er gode nok, alternativt om ansvaret for godkjenning av slike system burde ha vore overført til organ på statleg nivå.

Det høyrer til unntaket at førebels oppteljing skjer elektronisk. I dei få kommunane der den førebelse oppteljinga blir teken elektronisk, gjeld dette nesten berre førehandsrøystene. Vanlegvis er det

dessutan mest tenleg å telje valtingsrøystene første gong i vallokala. Dei fleste større kommunane tek derimot den endelege oppteljinga elektronisk.

Fråsegner frå fleire av høyringsinstansane viser at mange kommunar og fylke legg ned eit betydeleg arbeid i å kvalitetssikre datasystem og skannarar som dei nyttar, og at dei bruker mykje ressursar på opplæring. Fleire uttaler også at erfaringar viser at opptellingsresultatet er sikrare og meir nøyaktig ved ei elektronisk enn ved ei manuell teljing. Vidare viser fråsegnene at kommunane utarbeider gode rutinar for korleis røystesetlane skal handterast ved bruk av skannarar.

Slik departementet vurderer det, viser høyringsfråsegnene at kommunane tek spørsmålet om sikkerheit og nøyaktigkeit rundt oppteljinga seriøst, også testing av datasystem. Grundig testing reduserer faren for programmeringsfeil. Slik testing av systemet aukar sjansane for at ein finn og kan rette eventuelle programmeringsfeil. Systemet må testast på førehand av den ansvarlege myndigheten, det vil seie valstyret og fylkesvalstyret. Det er også viktig å hugse på at det systemet som er testa, er det som faktisk blir nytta ved valet, og at ingen uvedkommande har hatt tilgang.

Etter ei samla vurdering vil departementet ikkje fremme forslag om krav til manuell førebels oppteljing. Departementet ser det slik at den praksisen som kommunane følgjer, viser at det ikkje er noko presserande behov for slike reglar. Det er mindre grunn til å lovfeste krav til manuell oppteljing når den eksisterande ordninga ser ut til å fungere tilfredsstillande når det gjeld kontroll av dei datasistema som blir nytta. Departementet meiner likevel at spørsmålet om å bruke elektronisk utstyr ved val bør vurderast fortløpende. Dette er viktig av omsyn til tilliten til valordninga. Departementet meiner dessutan at spørsmålet bør vurderast i ein større samanheng der fleire problemstillingar er aktuelle. Som det er vist til i høyringsnotatet, er det til dømes grunnlag for å vurdere om det for heile eller delar av datasistema som blir nytta, bør innførast ei statleg godkjennings- og/eller sertifiseringsordning.

Det er i dag frivillig om ein vil bruke datasystem ved val. Systema består dessutan typisk av fleire modular, mellom anna manntal, kontroll av listekandidatar, registrering av førehandsrøyster og valoppgjer. I tillegg er det vanleg at skannarar blir kopla til systemet på ein slik måte at opptellingsresultatet blir registrert inn i valsystemet.

Det kan stillast spørsmål ved om det er grunnlag for statleg godkjenning av elektroniske modular for til dømes kontroll av listekandidatar, føring og kontroll av førehandsrøyster og valoppgjer.

Kommunar og fylke gjer i mange andre samanhengar bruk av ulike elektroniske system for å lette administrative rutinar i kommunen, til dømes rekneskapssystem, utan at desse har vore gjennom noka form for statleg godkjenning. Ein kan likevel spørje om det bør innførast eit system for statleg kontroll og godkjenning av system som har direkte konsekvensar for valresultatet, det vil seie system for oppteljing av røystesetlar. Fleire høyingsinstansar gir uttrykk for ønske om ei statleg sertifiserings- og/eller godkjenningssordning generelt for elektroniske system som blir nytta ved val. Det er likevel få som skil mellom dei ulike modulane med omsyn til kva det er behov for og nødvendig å sertifisere/godkjenne.

Departementet viser også til vurderingane til den arbeidsgruppa som har sett på innføring av elektronisk røystegiving. Sertifisering og/eller statleg godkjenning av modulane i system for elektronisk røystegiving er eit sentralt tema. I framtida kan det tenkjast eit elektronisk datasystem for røystegiving som kan koplast til eit valsysteem for administrativ gjennomføring av val. Slik departementet vurderer det, tilseier dette at ein må sjå alle slike modular i samanheng, og at spørsmålet om eventuell godkjenning dermed blir vurdert samla. I denne samanhengen er det også nødvendig å sjå på om den innbyrdes samanhengen mellom modulane tilseier samla sertifisering/godkjenning av heile system. Det må dessutan vurderast om det skal innførast ei meir omfattande sertifiseringsordning, eller om det bør brukast ei form for godkjenning av enkelte modular i valsystema.

Ein kan også spørje om den arkitekturen som blir nytta i valsystema (oppbygging av modular og samanhengen mellom dei) er den mest tenlege med omsyn til sikkerheit og kontroll. Det er grunn til å tru at bruken av elektroniske oppteljingssystem vil auke i framtida, til dømes ved dei også vil bli nytta ved førebels oppteljing.

Det er viktig å presisere at ei godkjenningsordning ikkje på nokon måte erstattar eller reduserer det ansvaret valstyret har for eit korrekt valresultat. Ein vil framleis måtte bruke betydelege ressurser til opplæring i sistema. Høyingsfråsegner viser heilt klart kor viktig det er å utarbeide gode

rutinar og sikre ei tilstrekkeleg opplæring i samband med bruk av elektroniske system.

Høyringa viser at datasistema som kommunane nyttar ved val, blir grundig testa. Departementet finn derfor heller ikkje grunn til å lovfeste krav om manuell oppteljing ved avvik mellom den førebelse og den endelige oppteljinga.

Når det ikkje blir lovfest krav til manuell oppteljing, vil oppteljinga heller ikkje bli seinka i forhold til systemet i dag. Departementet vurderer det slik at det derfor heller ikkje er grunnlag for å lovfeste høve til å starte førebels oppteljing av førehandsrøyster søndag. Departementet viser elles til at det på grunn av faren for lekkasjar knyter seg fleire motførestellingar til å setje i gang med oppteljinga for tidleg.

Det har i høyingsrunden komme forslag om at departementet skal utarbeide rutinar, rettleiing og opplæringsprogram for kommunane ved bruk av elektroniske valsysteem og valprogram. Departementet understrekar at å bruke slike system er valfritt. Dei kommunane og fylka som ønskjer å nytte slike system, er også ansvarleg for å sørge for gode nok rutinar og opplæring slik at krava i lova til oppteljing og kontroll blir oppfylte. Det ligg utanfor myndighetsområdet til departementet å utarbeide rutinar eller gi opplæring i samband med elektroniske valsysteem laga av dataleverandørar.

Mange av høyingsinstansane er opptekne av at tids- og ressursbruken ved oppteljinga skal vere minst mogleg. Departementet er samd i at ein bør bruke mest mogleg praktiske arbeidsmetodar, inklusive optiske teljarar der dette er formålstenleg, når røystesetlar skal teljast opp. Departementet vil likevel peike på at det viktigaste i samband med oppteljing og behandling av røystesetlar er omsynet til korrekt oppteljingsresultat. Dette må ha betydeleg større vekt enn omsynet til ressursbruken. Ein må akseptere at demokratiske val krev ressursar, både når det gjeld kostnader, tid og personell.

Når det gjeld spørsmålet om veging av røystesetlar, held departementet fast på si vurdering frå høyingsnotatet om at veging av røystesetlar ikkje kan reknast som teljing, og at veging av røystesetlar dermed ikkje er i samsvar med krava i vallova til oppteljing.

5 Publisering av partimålingar dei siste dagane før valet

5.1 Gjeldande rett

Vallova § 9-9 fastset at valresultat og prognosar som er laga på grunnlag av undersøkingar på sjølve valdagen/valdagane, ikkje må offentleggjerrast før klokka 20 på valdagen måndag. Utover dette inneheld ikkje vallova føresegner som set grenser for offentleggjering av meiningsmålingar i samband med val. På valdagen er det såleis ikkje forbod mot å offentleggjere data frå meiningsmålingar som ein har henta inn før valdagen.

Vallova har ikkje reglar om straff eller andre sanksjonar mot dei som måtte bryte føresegna i § 9-9.

Situasjonen i dei andre nordiske landa på dette området er at *Danmark* og *Sverige* ikkje har reglar i vallovgivinga si som regulerer spørsmålet, mens *Finland* har ein regel som svarer til lova vår.

5.2 Høyningsnotatet

I høyningsnotatet viste departementet til at det den siste tida er reist spørsmål om publisering av partimålingar i ulike medium dei siste dagane før valet kan påverke røystegivinga til veljarane, og om det bør setjast forbod mot slik publisering. Institutt for medium og kommunikasjon (IMK) ved Universitetet i Oslo har på oppdrag frå departementet greidd ut spørsmålet om veljarane blir påverka av meiningsmålingar.¹

Utgreiinga tek mellom anna for seg dei siste fire stortingsvala. Konklusjonen er at ein ikkje kan påvise nokon klar samanheng mellom partioppslutningane på meiningsmålingar og den oppslutninga partia får i sjølve valet. Det finst døme på at jamt stigande eller fallande kurver på meiningsmålingane har gitt seg utslag i valoppslutninga, men det er også døme på at ein tydeleg tendens blir broten like før val. Det er også ulike mønster for eitt og same partiet ved ulike val. Instituttet konkluderer vidare med at frykta for sjølvforsterkande effektar

som er skapte av partimålingar, må vurderast som sterkt overdriven, og at slike målingar ikkje fører til nokon systematisk over- eller underrepresentasjon for noko parti.

Det blir framheva i utgreiinga at dei funna instituttet har gjort, er i tråd med internasjonal forsking på området. Denne forskinga viser at publisering av partimålingar kan ha noko å seie for styrkeforholdet mellom partia, men at det ikkje er dekning for å seie at det skjer ein tydeleg og systematisk påverknad.

Instituttet har også gjennomgått regelverket i ein del land med tanke på å kartleggje kva restriksjonar som finst når det gjeld gjennomføring og publisering av meiningsmålingar før val. Undersøkinga viser at fleire land utanom Norden har fastsett restriksjonar når det gjeld publisering av meiningsmålingar rett før valet. Vanlegvis gjeld desse restriksjonane frå ein til sju dagar før valdagen. Det blir likevel peikt på at direkte lovregulering førekjem sjeldan i land Noreg normalt samanliknar seg med. I staden for lovregulering legg mange land vekt på at media sjølve bør regulere når og korleis resultata av meiningsmålingar skal rapporteras til publikum. I samband med dette blir det vist til at Europaratet har utarbeidd retningslinjer. I Storbritannia har BBC innført eigne retningslinjer.

I høyningsnotatet uttalte departementet at det er viktig at det ikkje kan reisast tvil om grunnlaget for gjennomføringa av demokratiske val.

Departementet peikte på at før ein eventuelt føreslår restriksjonar i samband med publisering av meiningsmålingar, må ein vurdere om slike restriksjonar kan stride mot reglane om ytringsfridom i Grunnlova.

Departementet sette ikkje opp forslag til lovreglar i høyningsnotatet, men bad høyningsinstansane om synet deira på det prinsipielle spørsmålet før ein vurderte ei eventuell vidare utgreiing med sikte på å utarbeide lovreglar.

5.3 Høyningsinstansane

Dei fleste høyningsinstansane er negative til at det blir innført reglar som strammar inn på høvet ein

¹ «Påvirkes velgerne av meiningsmålinger? Mulige konsekvenser av publisering av meiningsmålinger» av Ragnar Wardahl, Bernt Aardal og Audun Beyer, Universitetet i Oslo, mars 2006.

har til å publisere meiningsmålingar i forhold til det som følgjer av reglane vi har i dag. Nokre få høyringsinstansar er likevel positive til at det blir innført slike reglar.

Justisdepartementet er negative og uttaler:

«Etter Justisdepartementets syn er det vanskelig å se at de begrunnelser som er gitt for dagens publiseringssforbud, kan bære en eventuell utvidelse av forbudet.

Bakgrunnen for at spørsmålet om forbud tas opp, synes å være en bekymring for at offentliggjøring av meiningsmålinger kan innebære en systematisk påvirkning av velgerne, og at dette kanskje kan favorisere enkelte partier. Etter Justisdepartementets syn vil verken det at velgerne «påvirkes» av ytringer eller at påvirkningen har karakter av å være «systematisk», være gode grunner for å forby de aktuelle ytringene. Selv om forskning skulle vise at visse partier ved det enkelte valget eller over tid ble favorisert av offentliggjorte meiningsmålinger – noe som ifølge høringsnotatet ikke er påvist – er dette i seg selv et tvilsomt argument for publiseringssforbud. Tvert imot kan det etter Justisdepartementets syn reises prinsipielle innvendinger mot å forby visse ytringer i forkant av et valg med slike begrunnelser som antydet i høringsnotatet. For eksempel vil gjennatte partilederdebatter med påfølgende kommentarer fra mediene kunne tenkes å ha en liknende effekt. En rekke faktorer inngår i velgernes grunnlag for stemmegivningen uten at det av den grunn er aktuelt å forby disse. Høyestrett har riktignok akseptert at lovgiver har en viss anledning til å angi «visse rammer for de demokratiske prosesser» ved å forby fjernsynsreklame for politiske budskap, jf. Rt. 2004 s. 1737 avsnitt 35, men de grunner som bærer et slikt forbud kan ikke bære et publiseringssforbud som her er aktuelt. Vi nevner i den forbindelse at det ikke er hevdet at offentliggjøring av meiningsmålinger vil ødelegge for kvaliteten eller mangfoldet i debatten frem mot valget, eller at offentliggjøring av slike meiningsmålinger forut for valgdagen ligger i nærheten av å innebære noen form for manipulasjon av velgerne.

Etter Justisdepartementets syn taler tungtveiende prinsipielle grunner etter dette mot å utvide dagens publiseringssforbud, og det er ikke påvist noen tungtveiende grunner til fordel for et slikt forbud. Dette gjelder etter Justisdepartementets syn uansett hvordan en skulle se på de rettslige grensene for ytringsfriheten i denne sammenheng, jf. særlig Grunnloven § 100 og EMK artikkel 10.»

Forsvarsdepartementet er også i utgangspunktet skeptisk til lovregulering på dette området.

Somme kommunar ønsker at det blir innført eit forbod mot å publisere meiningsmålingar i perioden rett før eit val. Kor lang denne perioden bør vere, varierer frå siste veka før valet til at det blir sett strek fredagen før valet. Eit par kommunar gir uttrykk for at ein bør vurdere å innføre restriksjoner, eller at departementet bør arbeide vidare med spørsmålet. Dei fleste har ikkje grunngitt kvifor dei ønsker restriksjonar. Der det finst grunngivingar, går dette på omsynet til verdigheita ved valet og ønsket om at det skal vere ro rundt det.

Departementet har også fått fråsegner frå representantar for meiningsmålingsinstitutta, presseorganisasjonane og eit par politiske parti.

Faktum Markedsanalyse as ønsker eit forbod mot offentleggjering dei siste sju dagane før valet, utan nærmare grunngiving.

Norsk Markedsanalyse Forening (NMF) uttaler at ein der ikkje ser nokon grunn til at det skal innførast restriksjonar, og uttaler mellom anna:

«Resultater i en internasjonal studie fra 2003 (The Freedom to Publish Opinion Poll Results. Report on a Worldwide Update) viser at det i de fleste moderne demokratier ikke eksisterer noen form for restriksjoner på gjennomføring eller publisering av meiningsmålinger.

Retten til å utføre og publisere meiningsmålinger er en del av den moderne demokratisk prosess som gir innbyggere rett til å bli hørt. Dette forholdet underbygges også i artikkel 10 i den Europeiske konvensjonen om ytringsfrihet: «Enhver har rett til ytringsfrihet. Denne rett skal omfatte frihet til å ha meninger og til å motta og meddele opplysninger og ideer uten inngrep av offentlig myndighet og uten hensyn til grenser.»

[...]

Informasjon om partienes stilling på et tidspunkt rett før valet er sannsynligvis vel så relevant for velgerne i en demokratisk prosess, enn de siste utspillene fra politikere. Følgelig vil det være urimelig om det blir lagt restriksjoner på denne typen informasjon uten at det ble lagt tilsvarende restriksjoner på politikernes ytringsfrihet og hva de skal ha lov til å si.»

Norsk Presseforbund (NP) går sterkt imot at det blir innført restriksjonar på at media skal kunne publisere meiningsmålingar dei siste dagane før valdagane. Presseforbundet viser til at utgreiinga frå Institutt for medium og kommunikasjon fortel at det ikkje finst nokon dokumentasjon for å hevde at offentleggjering av meiningsmålingar har ein slags sjølvsterkande effekt og derfor vil påverke valresultatet på ein uheldig måte. NP legg vidare vekt på at ved ei lovregulering på dette området kjem ein inn på

«sentrale prinsipper når det gjelder ytrings- og informasjonsfriheten, slik den for eksempel er formulert i Grunnloven § 100 og EMK artikkel 10. [...] Vi viser samtidig til norsk juridisk teori og praksis, hvor det er fastslått at den politiske ytrings- og informasjonsfrihet må ha et særlig sterkt vern.

[...] En lovregulering av medienes adgang til å publisere meningsmålinger de siste dagene før valgdagen, [vil]måtte sies å stride både mot den formidlingsfrihet som er fastslått av EMD, og det pålegg til pressefolk som fins i Vær Varsom-plakaten: Pressen kan ikke gi etter for press fra noen som vil hindre åpen debatt, fri informasjonsformidling og fri adgang til kildene. Det er vanskelig å se hvordan en norsk redaktør skal kunne sitte på informasjon om et veritabelt politisk stemningsskjifte i befolknningen i en valgkampinnspurt, uten å formidle dette til sine lesere, lyttere eller seere.»

Presseforbundet meiner likevel at forbodet vi har i dag, er på sin plass.

Norsk redaktørforening (NR) viser til at restriksjonar når det gjeld høvet til å publisere meiningsmålinger dei siste dagane før eit val, kjem ein inn på sentrale problemstillingar i samband med ytringsfridommen og pressefridommen. NR uttaler:

«Vi synes for øvrig IMK har fanget det essensielle når man understrekker at «direkte lovregulering forekommer sjeldan i land Norge liker å sammenlikne seg med».

NR mener at det ikke er noen sterke grunner til å vurdere et forbud som nevnt, og anbefaler at departementet ikke går videre med forslaget».

TV 2 meiner at

«det ikke foreligger noe legitimt behov for å innføre restriksjoner på medienes adgang til å holde offentligheten informert om bevegelser i velgermassen i dagene før valget. [...]»

At noen kan la seg påvirke av meningsmålinger, er åpenbart. Man kan bli påvirket til å stemme på et parti som er i fremgang, eller et partis fremgang kan mobilisere en velger til å stemme på et alternativ. En meningsmåling kan sikkert også påvirke noen til ikke å stemme. Meningsmålingers effekt i forhold til velgeratferden anses gjennomgående som uproblematisk. Vi kan ikke se at dette skulle være annerledes i perioden kort tid før et valg. De siste dagene – og ukene – før et valg er ellers fulle av forsøk på å påvirke velgerne. Det meningsmålinger tett opp mot valget kan bidra til, er å synliggjøre konsekvensene av å stemme på en bestemt måte – eller å unnlate å stemme. Vi

mener velgerne har et legitimt behov for best mulig og mest mulig oppdatert informasjon på dette området.

Mangfoldet i meningsmålinger og antall medier som publiserer forskjellige målinger, tilslir også at det ikke er behov for restriksjoner. Det ligger til mediemarkedets logikk at hvert enkelt medium ønsker å presentere egne målinger, og det er derfor en hel rekke forskjellige analyseselskaper involvert i det totale utbuddet av galluper. Erfaringsmessig vil målingene også avvike noe fra hverandre, slik at det er begrenset hvor stor innflytelse som kan tillegges hver enkelt måling.»

Landsorganisasjonen i Norge uttaler:

«LO anbefaler ikke endringer i valgloven for å regulere publiseringer av meningsmålinger, men vil oppfordre mediene selv til å innføre retningslinjer for hvordan resultatene av meningsmålinger skal rapporteres til offentligheten.»

Kristeleg Folkeparti uttaler at

«det er grunn til å vurdere en begrensning av adgangen til å publisere meningsmålinger. Selv om det er svake indikasjoner på at det er klare sammenhenger mellom meningsmålinger og endelig valgresultat, er det grunn til å legge en «føre-var» tilnærming til grunn. Det kan være ulike måter å løse dette på, for eksempel ved at det ikke er lov å offentliggjøre målinger i 2, 3 eller 4 dager før selve valgdagen. Vi viser til at det i Norge allerede ligger en viss begrensning i Valgloven ved at det ikke er lov til å presentere valgdagsmålinger før valglokalene er stengt. Vi anbefaler derfor at departementet går videre med denne saken.»

Senterpartiet uttaler:

«Som en føre var holdning mener Senterpartiet at restriksjoner/forbud mot publisering av meningsmålinger også tidligere, for eksempel tre til fire dager før valget, vil enda bedre sikre at andre velgeres stemmer ikke blir en for viktig for egen stemmegivning. Den enkelte velger vil da bedre kunne fokusere på hva en selv mener at er viktige saker og hvem man kan stemme på for å oppnå ønsket resultat i disse sakene.»

5.4 Merknader og forslag frå departementet

Spørsmålet om eit eventuelt forbod mot å offentliggjøre politiske meiningsmålinger rett før eit val reiser viktige spørsmål i forhold til prinsippa om ytringsfridom og pressefridom. I eit samfunn der

Om lov om endringar i lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyrer mv.
(skjeringsdato, valkort o.a.)

ein set openheit og fri meiningsutveksling høgt, må reglar som inneber innstramming av desse prinsippa, kunne grunngivast svært godt. Samstundes bør eit slikt forbod ha tilslutning i samfunnet.

Høyringa viser at høyringsinstansane stort sett er negative til å utvide forboden vi har i dag mot å offentleggjere meiningsmålingar. Den dokumentasjonen som ligg føre, kan heller ikkje påvise klare uheldige effektar av at meiningsmålingar blir offentleggjorde den siste tida før valdagane.

Departementet vil peike på at meiningsmålingar kan vere med på å skjerpe interessa hos veljarane for å røyste ved valet og verke mobilisande på valdeltakinga. Frå ein demokratisk synsstad er dette ein fordel.

Departementet finn på bakgrunn av dette at det ikkje er grunnlag for å fremme forslag til endringar i vallova som inneber at det blir innført restriksjonar på høvet til å offentleggjere meiningsmålingar i samband med val, ut over det som i dag følgjer av § 9-9 i lova.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Ein reknar med at dei føreslårte endringane, særleg forslaget om å gje pålegg om at kommunane skal sende ut valkort til veljarane, vil auke utgiftene kommunane har til gjennomføringa av val med om lag 27 millionar kroner per val, altså om lag 13 millionar per år. Kommunane får kompensasjon for desse meirutgiftene ved ein auke av inntekts-

ramma på 13 millionar kroner i 2007. Desse midlane blir vidareførte til seinare år. Ein går ut frå at dei administrative konsekvensane av dei føreslårte endringane vil vere små for kommunesektoren. På statleg hald ventar ein at forslaga vil ha små økonomiske og administrative konsekvensar.

7 Merknader til dei ulike føreseggnene

Til kommunelova:

Til § 14 nr. 1 bokstav c:

Dette er berre ei teknisk endring, av di reglane om registrering av politiske parti er flytta frå vallova til partilova.

Til § 29 nr. 4 siste punktum:

Dette er berre ei teknisk endring for å rette opp ein feil.

Til vallova:

Til § 2-2 andre ledd bokstav b:

Føresegna heng saman med § 2-4 første ledd. Ho blir derfor føreslått endra i tråd med forslaget til endring i denne paragrafen. Datoen blir føreslått endra frå 31. mai til 30. juni i valåret.

Til § 2-3 tredje ledd:

Føresegna gir kommunane ved valstyret pålegg om å sende ut valkort.

Til § 2-4 første ledd:

Den føreslattede endringa inneber at den såkalla skjeringsdatoen blir endra frå 31. mai til 30. juni i valåret.

Til § 2-9:

Det blir her føreslått ein litt utvida heimel for departementet til i forskrift å gi føresegner om produksjon, utforming, utsending og bruk av valkort. Ei liknande føresegn blir føreslått oppheva, jf. § 8-6.

Til § 8-1 andre ledd:

Forslaget inneber for det første at siste frist for å kunne førehandsrøyste utanriks blir endra frå siste fredag til nest siste fredag før valdagen. For det andre blir det slått fast at for førehandsrøystegiving på Svalbard kan Sysselmannen bestemme at førehandsrøystegivinga skal avsluttast før siste fredag før valdagen. Men eit vilkår for at Sysselmann-

nen skal kunne avslutte førehandsrøystegivinga før siste fredag før valdagen, er at dette er nødvendig for at førehandsrøystegivingane skal kunne komme fram til valstyret i kommunen til veljaren innan valdagen kl. 20.

Til § 8-4 tredje ledd:

Det blir slått fast i første punktum at dersom ikkje røystemottakaren veit kven ein veljar er, skal veljaren vise legitimasjon. Etter gjeldande føresegn heiter det at røystemottakaren kan krevje at veljaren legitimerer seg.

Verken den gjeldande eller den nye føresegna gjer nærmare greie for kva typar legitimasjon som kan godkjennast. Det følgjer av dette at røystemottakaren i kvart enkelt tilfelle må vurdere konkret den legitimasjonen veljaren viser fram. Men eit minstekrav for at noko skal kunne oppfylle kravet til å vere ein legitimasjon, er at legitimasjonen innehold bilet av og namn på veljaren. Typiske legitimasjonspapir vil vere førarkort, bankkort og pass. Det følgjer likevel av det som er sagt ovanfor, at også andre typar av legitimasjon vil kunne godkjennast.

Andre punktum i føresegna inneholder eit unntak frå regelen i første punktum. Ved røystegiving på institusjon, til dømes diverse helse- og sosialinstitusjonar og fengsel, vil det ikkje vere eit absolutt krav til at veljaren legitimerer seg. I staden kan ein tilsett ved institusjonen som legitimerer seg, stadfeste identiteten til veljaren overfor røystemottakaren.

Til § 8-6:

Den føreslattede endringa er berre ei teknisk tilpassing som ei følgje av at heimelen til å gi forskrift om valkort er flytt til § 2-9.

Til § 9-5 andre ledd andre punktum:

Føresegna gjeld røystegiving på valtinget og svarer til føresegna i § 8-4 tredje ledd første punktum.

Kommunal- og regionaldepartementet

til rår:

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre mv. (skjeringsdato, valkort o.a.).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre mv. (skjeringsdato, valkort o.a.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre mv. (skjeringsdato, valkort o.a.)

I

Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) blir endra slik:

§ 14 nr. 1 bokstav c skal lyde:

c) Rett til å kreve seg fritatt fra valg har den som har gjort tjeneste som medlem av vedkommende organ de siste fire år. Den som er medlem av et parti som er registrert etter *partiloven kapittel 2*, kan nekte valg på grunnlag av listeforslag som ikke er framsatt av dette partiet.

§ 29 nr. 4 siste punktum skal lyde:

Bestemmelsene i § 36 til 38 a kommer *likevel til* anvendelse.

II

Lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven) blir endra slik:

§ 2-2 andre ledd bokstav b skal lyde:

b) er statsborger i et annet nordisk land og er blitt folkeregisterført som bosatt i Norge senest *30. juni* i valgåret.

Overskrifta til § 2-3 skal lyde:

§ 2-3 Valgstyrets ansvar for å føre manntall og å sende ut valkort

§ 2-3 nytt tredje ledd skal lyde:

(3) Valgstyret skal sørge for at det blir sendt ut valkort til alle stemmeberettigede som er innført i manntallet i kommunen og som har bostedsadresse innenriks (unntatt Svalbard og Jan Mayen).

§ 2-4 første ledd skal lyde:

(1) Stemmeberettigede som er registrert med bostedsadresse i Norge, skal føres inn i manntallet i den kommunen der de var folkeregisterført som bosatt den *30. juni* i valgåret.

§ 2-9 skal lyde:

Departementet kan i forskrift gi bestemmelser om

- a) manntallsføringen og valgstyrets behandling og oppdatering av *manntallet*,
- b) tilgang til og bruk av manntallseksemplarer og
- c) produksjon, utforming, utsendelse og bruk av valgkort.

§ 8-1 andre ledd skal lyde:

(2) Forhåndsstemmegivningen må ikke foregå senere enn siste fredag før valgdagen *innenriks, herunder på Svalbard og Jan Mayen, og nest siste fredag før valgdagen utenriks. For å sikre at forhåndsstemmegivningene kommer frem i tide, kan sysselmanen fastsette at forhåndsstemmegivningen på Svalbard skal avsluttes på et tidligere tidspunkt.*

§ 8-4 tredje ledd skal lyde:

(3) Velger som er ukjent for stemmemottaker, skal legitimere seg. Velgers identitet kan ved stemmegivning på institusjon i stedet bekreftes av en ansatt som legitimerer seg.

§ 8-6 skal lyde:

Departementet kan gi forskrift om gjennomføringen av *forhåndsstemmegivningen*.

§ 9-5 andre ledd andre punktum skal lyde:

Velger som er ukjent for stemmemottaker, skal legitimere seg

III

Lova tek til å gjelde straks.